

## INNHALD

### NORSK NAMNELAG

G. Akselberg: Samarbeidsprosjekt innom namnegranskinga ..... 2

P. Hallaråker: Styremøte i Norsk namnelag..... 3

### NAMNEKONSULENTTENESTA

K. E. Steinbru: Samrådsmøtet i namnekonsulenttenesta ..... 4

### NORMERING OG BRUK AV NAMN

B. Helleland: Om bruk av godkjende stadnamn ..... 8

### NORNA

Komande NORNA-symposium ..... 9

### ICOS

M. Wahlberg: ICOS XXI – Uppsala 19–24 august 2002 ..... 9

### FN-NYTT

Møte i den nordiske divisjonen ..... 10

### ANNA MELDINGSSTOFF

H. Stangnes og A.-K. Pedersen: Seminar for ein 80-åring ..... 10

F. Myrheim: Seminar om person- og stadnamn i lokalhistoria ..... 12

R. Hatlinghus: Lokale stedsnavn i Nordmarka ..... 14

### ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Regjeringen vil liberalisere navneloven (pressemelding)..... 15

G. Reisæter: Eit fleirkulturelt perspektiv på framlegg til ny lov  
om personnamn ..... 17

Ø. N. Bjordal: Husdyrnamn i skifte frå 1700- og 1800-talet ..... 25

V. Haslum: Den nest beste informanten ..... 30

M. Myhren: Åkne – eit sjeldsynt mannsnamn ..... 33

K. Aune: Svalgraset og gullgraset..... 34

Alhaug & Eskeland: Kva for stadnamn brukar russarane på Svalbard? . 36

A. Saltveit: Gatenamn i tida? ..... 40

### BOKOMTALAR

B. Helleland: Offisielle stadnamn i ny utgåve ..... 41

B. Helleland: Norsk målsoga – klassikar i ny utgåve ..... 42

B. Helleland: Namnevandring på Stord ..... 43

B. Helleland: Fjelltoppar med namneforklaringar ..... 45

B. Helleland: Namn i en föränderlig värld..... 46

A. Torp: Bebyggelsesnamn i Leksands kommun ..... 47

### OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER

G. Alhaug: Fornavn i Harstad på 1900-talet ..... 48

Gruvenamn som kontaktindikator ..... 50

### NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

G. Harildstad: Norsk namnebibliografi 2000.....	52
NORSK NAMNELAG	

## SAMARBEIDSPROSJEKT INNOM NAMNEGRANSKINGA

I fleire ti-år har mange norske vitenskaplege miljø gjennomført faglege samarbeidsprosjekt. Prosjekta har oftast vore eit samarbeid mellom vitenskapleg personale på den einiskilde lærestaden, eller dei har vore eit samarbeid mellom vitenskaplege miljø på ulike lærestader. Dessutan er det gjennomført vitenskaplege samarbeidsprosjekt på tvers av faggrensar og landegrensar. Særleg innom medisin og realfag har slike prosjekt vore vanlege, men også innom vitenskapar som er nærskylde namnegranskinga, t.d. sosiolingvistikken, er det ein lang tradisjon for prosjektsamarbeid. Alt midt på 1970-talet vart *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS) sett i verk, der fleire av dei seinare sentrale norske sosiolingvistane tok del. På slutten av 1970-talet vart talemålsprosjektet *Talemål hos ungdom i Bergen* (TUB) gjennomført, og i desse dagar vert det fyrste norske nasjonale prosjektet innom sosiolingvistik, *Talemålsending i Noreg* (TEIN), avslutta. I TEIN har det delteke hovudfagsstudentar, stipendiatar og vitenskapleg tilsette frå universiteta i Tromsø, Trondheim, Oslo og Bergen og frå Høgskulen i Agder. Det har vore vel 80 personar innom TEIN i dei 3,5 åra prosjektet har gått føre seg, det er skriva vel 35 hovudoppgåver, og det er i dag 8 doktorgradsavhandlingar og fleire hovudoppgåver i arbeid innom prosjektet. Sjølv om TEIN-prosjektet vert formelt avslutta ved årsskiftet 2001/2002, vil det faglege prosjektsamarbeidet mellom institusjonane halda fram – under namnet *Sosiolingvistisk nettverk* (SONE).

Innom norsk namnegransking har det til no ikkje vore gjennomført vitenskaplege samarbeidsprosjekt ved universiteta og høgskulane, eller mellom desse. Berre innom eitt område er det samarbeidd om onomastiske prosjekt, nemleg når det gjeld datainnsamling og tilrettelegging av namnedata, men der har ikkje dei vitenskaplege miljøa arbeidd saman. Derimot har fylket og ymse institusjonar i Rogaland, i Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal samarbeidd om innsamling og tilrettelegging namnedata.

Til no har det ikkje vore sett i verk særlege samarbeidsprosjekt om onomastiske problemstillingar, med eigne driftsmidlar, eige styre, eigen leiar o.l., men det er fleire grunnar til at ein også innom norsk namnegransking bør få sett i gang vitenskaplege samarbeidsprosjekt. Føremunene med prosjektarbeid er mange og ulike. Viktigast er kanskje at ein ved å samarbeida i større omfang, når fram til forskingsresultat som det er praktisk uråd å nå for ein einskild forskar. Gjennom større forskingsprosjekt

har ein t.d. høve til å driva jamførande studiar på ein måte som elles er svært vanskeleg. Dessutan verkar samarbeidsprosjekt forskingsinitierande og forskingsstimulerande. Og ikkje minst er samarbeidsprosjekt viktige for rekrutteringa til faget. Gjennom slike prosjekt kan rekruttar kvalifisera seg, og dei tilfører dessutan dei faglege miljøa ny inspirasjon og viktige faglege ressursar. Særleg er det viktig at det norske onomastiske miljøet tenkjer samarbeidsprosjekt, av di det i dag er vanskeleg å få tilført økonomiske midlar til fagmiljøet for å driva slikt arbeid. Situasjonen i dag er slik at det er naudsynt å vera knytt til større prosjekt for å få kunna nytta godt av økonomiske tilskot på line med andre forskingsmiljø.

På *Seminar for ein åttiåring. Norsk stadnamnarkiv 1921–2001* i Oslo 22. november i år slo leiaren for Samarbeidsnemnda for namnegransking, Ole-Jørgen Johannessen, til lyd for at det snarast må setjast i verk førebuande arbeid med og planlegging av eit nasjonalt vitenskapleg samarbeidsprosjekt mellom dei onomastiske fagmiljøa i Noreg, etter mønster frå TEIN. Det er kalla inn til eit møte i arbeidsutvalet i Samarbeidsnemnda om denne saka. Dette er eit tiltak vi helsar velkome, og vi vonar at dei løyvande styresmaktene vil gje fagmiljøet høve til å ta seg av dei mange oppgåvene som ligg og ventar.

Gunnstein Akselberg  
[gunnstein.akselberg@hf.uib.no](mailto:gunnstein.akselberg@hf.uib.no)

## STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde styremøte 22.11.2001 i Oslo i tilknytning til 80-årsseminaret for Seksjon for namnegransking. Leiaren refererte frå møte i Arbeidsutvalet i Samarbeidsnemnda, m.a. om eit planlagt namneprosjekt, om eventuell utlegging av *Namn og Nemne* på nettet, om TEIN og ordgeografi med tanke på søknad til NFR og Norsk kulturråd, om tilskot til studium av ordgeografi innanfor talemålsprosjektet. Vidare vart dei komande nummer av tidsskriftet og meldingsbladet til laget drøfte. På grunn av hardt arbeidspress har Kristofer Kruken sagt seg nøydd til å seie frå seg vervet som medredaktør i *Namn og Nemne*. Oddvar Nes vart vald som mellombels medredaktør til dess ny redaktør kan veljast formelt på årsmøtet. Styret tok opp trongen og interessa for å gje ut ein stadnamnbibliografi i papirformat basert på den elektronisk lagra varianten. Tanken fekk full støtte i styret, men ein eventuell produksjon har både ei fagleg og ei økonomisk side. Det spørst m.a. om ein skal gje ut ein bibliografi som

dekkjer dei 10 siste åra eller fleire. Og så må økonomien sikrast. Botolv Helleland lovde å sjå nærare på saka.

Peter Hallaråker  
[peter.hallaraker@hivolda.no](mailto:peter.hallaraker@hivolda.no)

## NAMNEKONSULENTTENESTA

### SAMRÅDINGSMØTET I NAMNEKONSULENTTENESTA

Namnekonsulenttenesta sitt årvisse samrådsmøte blei denne gongen halde på Kiel-ferja i dagane 19. til 21. september. Alle sekretærane og dei fleste konsulentane deltok. Halldis Sandsdalen og Nina Børge-Ask var med som representantar for Kulturdepartementet. Peter Hallaråker og Tom Schmidt møtte for klagenemnda, og administrasjonen i Norsk språkråd var representert med kontorsjef Kåre Skadberg.

Sekretærane la først fram korte årsrapportar frå konsulenttenesta og klagenemnda. I dei ulike "regionane" har det òg siste året gjennomgåande vore flest namnesaker knytte til kartrevisjon, og Statens kartverk er stadig største oppdragsgivaren. Direktoratet for naturforvaltning og miljøvern-avdelingane hjå fylkesmennene rundt om har i det siste for alvor komme på banen. Desse reiser då namnesaker knytte til oppretting av verneområde og reservat. Det er eit problem at det i slike saker som regel blir sendt ut unødvendig mykje sakspapir til konsulenttenesta.

Konsulenttenesta har ikkje hatt udelt positive røynsler med bruk av forenkla saksgang. (Forenklinga har gått ut på at ein har sendt namnelistene til kommunane først.) Den forenkla saksgangen kan lett føra til fleire mis-tydingar mellom kommunane og konsulenttenesta. Tenesta bruker elles mykje tid til å purra på kommunane. Klagesaker og purresaker har lett for å bli liggjande lenge på kontorpulten. Det har i det siste vore ein viss auke i talet på vegnamnsaker og saker som gjeld namn på kyrkjer, sokn og preste-gjeld. Tidlegare kom vegnamnsaker mest utelukkande frå bykommunane.

Sekretærane gav uttrykk for at det er eit problem at ein del kommunar vedtek vegnamnformer utan at det er gjennomført namnesaker i tråd med lovverket. Siste året har sekretærane og konsulentane elles vore ein del opp-tekne av evalueringa av stadnamnlova.

Om arbeidet i *klagenemnda* siste året nemnde *Terje Larsen* blant anna at i 12 % av sakene har klagarane fått medhald. Den store ("dokumenttunge") Havrå-saka (i Hordaland) enda med at klagenemnda den 7. mai i år autori-serte skrivemåten *Havrå*. I ordskiftet som følgde, presiserte representantane for Kulturdepartementet at vedtak i adressenamnsaker og andre stadnamn-

saker som ikkje er behandla etter reglane for saksbehandling, må reknast som ugyldige.

*Terje Larsen* innleidde vidare om bruk av stadnamn i bygdebøker. Han sa at det blir meir og meir vanleg at forfattarane søker råd hjå namnekonsulentane når dei lurar på kva namneformer dei skal bruka. Det er vanleg å sjå det slik i dag at oppføringar av stadnamnformer i bygdebøker i utgangspunktet ikkje kan reknast som offentleg namnebruk. I eldre bygdebøker er gardsnamn i stor grad skrivne på same måten som tilhøyrande familienamn. Larsen stilte spørsmål om det i mange tilfelle vil vera rett å tilrå bruk av dobbelformer (eller parentesformer). Kva former me skal tilrå i dei tilfella der det ikkje er gjennomført namnesak, var eit anna spørsmål han tok opp.

Dei fleste som tok ordet i samtalen etterpå, meinte ein bør tilrå at det blir nytta former som i størst mogleg grad er i tråd med lova. Med tanke på dette at bygdebokforfattarar ofte kjem under press frå grunneigarar, blei det sagt at forfattarane som regel vil ha fordel av å kunna referera til offentlege former og til råd frå namnekonsulentane.

*Botolv Helleland* tok opp framlegget til ny paragraf om namnevern og oppmoda oss til å tenkja over kva arbeidsoppgåvene våre blir i denne samanhengen. Helleland minte først om kva som er departementet sitt framlegg til ny paragraf, og om merknadene som namnekonsulenttenesta har komme med til framlegget. Han kom vidare inn på kva som ligg i formuleringa ”ta vare på stadnamn som kulturminne”. (Formuleringa er nytta i framlegget til formålsparagraf, § 1.) Ut frå førearbeida i den noverande stadnamnlova meinte han at det inneber å gje stadnamna ei skriftform basert på den nedervde uttalen og å bruka namna i samsvar med tradisjonen. Til dette siste føreslo han fylgjande presiseringar:

- styrkja arbeidet med innsamling og arkivering,
- sikra vidare bruk av namna ved aktiv namnsetjing,
- hindra at namn kjem på ”avvegar”,
- ikkje gi eit objekt eit namn som er verna som familienamn (unnateke om namnet har nedervd tilknytning til objektet),
- ikkje gi eit objekt eit namn som ikkje har tilknytning til staden,
- ikkje skifta ut eit nedervd stadnamn med eit anna namn.

Nokre moment som kom fram i samtalen var:

- namnevern er relatert like mykje til val av namn som til val av skrivemåte,
- det har vorte danna (konstruert) ein del nye namn som ikkje harmonerer med dei nedarva lokale namneformene (Eks.: *Våganvegen* og *Nyvågar* i *Vågan* og *Sartor Senter* på *Sotra*),

- i namngjeving på oljefelt er det ”innført” ein del former som står i strid med norsk namnekultur. Her er det ofte tale om framandspråkleg påverknad,
- namnevernarbeid fører til meirarbeid for konsulenttenesta,
- namnevern krev at ein ser nærare på tilhøvet mellom namn og lokalitet (objekt). I seinare tid har me fått ein del namneekspansjonar som ikkje er pakt med den lokale namnetradisjonen,
- i ein viss grad har det skjedd slik namneekspansjon tidlegare òg (jf. med namn som Buskerud fylke og Hedmark fylke. Jf. òg med danning av sokne-namn, kommunenamn og andre namn på større område. Utgangspunktet er ofte eit gardsnamn),
- skiljet mellom skriftlege og munnlege former er ikkje presisert i regel- framlegget.

*Kaisa Rautio Helander* tok opp nokre prinsipielle spørsmål knytte til skilting i fleispråklege område. Ho tok utgangspunkt i det at Vegdirektoratet i 1996 gav dispensasjon frå regelen om skilting på tre språk. Dispensasjonen var ei ”presisering” av at regelen berre gjeld andsynes blå og kvite skilt, ikkje gule og svarte namneskilt. Rautio Helander meinte ein bør spørja seg om dette er i samsvar med stadnamnlova og intensjonane til denne. Vidare nemnde ho eit vedtak Tysfjord kommune gjorde i 1995 om at dei (for sin del) vil bruka parallelle samiske bygdenamnsformer og at vegkontoret i Nordland har sagt at den enkelte kommunen må fatta vedtak om at det skal brukast stadnamnskilt med samiske former òg.

*Halldis Sandsdalen* sa at det ikkje er opp til den enkelte kommunen å avgjera dette. Ho meinte difor at vegkontoret i Nordland tolkar lova feil.

*Terje Larsen* sa at regelen i andre avsnittet i § 3 om bruk av samiske og finske namneformer bør vera klar nok. Han minte òg om det som står i § 11 om at det berre er departementet som i enkelttilfelle kan gjera unnatak frå reglane i lova.

Vidare tok møtet føre seg ymse normeringsproblem. *Terje Larsen* innleidde først om bruk av bindestrek i offentlege namneformer. Han minte blant anna om tilrådinga som fagnemnda i Språkrådet har komme med, om å bruka bindestrek mellom utmerkingsleddet og hovudleddet når utmerkingsleddet er eit samansett personnamn.

*Botolv Helleland* nemnde desse prinsippa som bør telja med når ein vurderer bruk av bindestrek:

- eit grammatisk prinsipp om å ta omsyn til trykkfordelinga i namnet (eitt hovudtrykk → éi samanskreven eining, prinsipalt utan bindestrek),
- prinsippet om lesbarheit,

- omsynet til namnetradisjonen,
- synleggjering av primærnamnformer.

Dette med bruk av bindestrek blei òg teke opp i andre delen av fellesmøtet i lag med Statens kartverk (dagen etter). Eit moment som kom fram, var at bruk av bindestrek i ei form som *Ivar Aasen-gata* kan bidra til å tydeleggjera strukturen i det samansette namnet. Dei fleste som hadde ordet, sa dei var opne for ein viss bruk av bindestreksformer som *Stor-Andvika* og *Nord-Berg* (når *Andvika* og *Berg* er primærnamnformer med solid tradisjon og når det gjerne i tillegg er sterke lokale ønske om å få inn bindestrek og stor bokstav i dei avleidde formene.)

På fellesmøtet hadde *Johnny Andersen* (frå Kartverket) først ein demonstrasjon av den nye versjonen av programmet SSRsak. Han nemnde blant anna at det i det sentrale stadnamnregisteret (SSR) no er lasta inn nærare ein halv million namneeiningar.

Det blei vidare ein kort presentasjon av ulike høyringssvar som har komme i samband med den revisjonen av stadnamnlova som er på gang. *Nils Jørgen Gaasvik* tok opp spørsmålet om kvifor *Bjønn-*, *Tenn-* og *Kvenn-* og liknande former ikkje kan nyttast som offentlege skrivemåtar på linje med formene *Tjønn-* og *Tjenn-*. I samtalen blei det bl.a. nemnt at det er eit pedagogisk problem knytt til skiljet mellom *nn-*former og *rn-*former; ein kan få vanskar når ein skal forklara skiljet. Det kom òg fram at det ikkje er semje mellom namnekonsulentane i spørsmålet om former som *Bjønn-*, *Tenn-* og *Kvenn-* kan nyttast. Tilrådingane frå tenestene blir dermed ulike under elles like vilkår. Kartverket gav uttrykk for at dette er svært uheldig og oppmoda konsulenttenesta til å komma fram til ei eins tolking av reglane.

Vidare tok *Eldar Heide* opp vedtaka som klagenemnda gjorde i mai i år om bruk av skrivemåtane *-vannene* og *-tjørnene* i sju namn i Alta. Eit sentralt spørsmål blir kva følgjer vedtaka kan få for rådgivingsarbeidet i framtida. (Med bakgrunn i denne saka er det etter samråingsmøtet forfatta eit brev til Kulturdepartementet der departementet blir bedd om å tolka § 2–3 i forskriftene.)

Eit anna tema som blei debattert, var bruk av såkalla godkjende namnformer (på kart). *Nils Jørgen Gaasvik* understreka at Kartverket må følgja framdriftsplanane dei har for kartproduksjon sjølv om dette inneber at ein ikkje alltid kan venta med nye kartutgivingar til aktuelle namnesaker er fullførde. Frå konsulenttenesta si side blei det sagt at det er ”bekymringsfullt” at det stadig blir gitt ut kart utan at konsulentane blir rådspurde i

ønskeleg grad. Her er blant anna snakk om manglande orientering om kva som er på gang.

Det blei vedteke å leggja samråingsmøtet i 2002 til Trondheim.

Kjell Erik Steinbru  
[kjell.steinbru@nor.uib.no](mailto:kjell.steinbru@nor.uib.no)

## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### OM BRUK AV GODKJENDE STADNAMN

Då lov om stadnamn vart vedteken i 1990, måtte lovgjevarane ta stilling til eit praktisk spørsmål, nemleg korleis skulle ein stilla seg til skrivemåtar av stadnamn som tidlegare var i bruk av det offentlege. Lova kunne ikkje utan vidare få bukt med alle skrivemåtar som ikkje var i samsvar med dei nye reglane, heller ikkje der fleire ulike skrivemåtar var i bruk. Det vart vald ei høgst pragmatisk løysing, nemleg at alle skrivemåtar i offentleg bruk, skulle få status som ”godkjent”, og at den endelege skriftforma skulle fastsetjast ved at det vart reist namnesak. Tilsynelatande fungerer namneverket utan store problem, men ser ein nærare på tilstanden, fortonar han seg kaotisk. For ein finn fort ulike skrivemåtar av same namnet dersom tek for seg kjelder som N50, Økonomisk kartverk, GAB/grunnboka, telefonkatalogen, o.l. der skrivemåten etter lova har status som ”godkjend”.

Spørsmålet om å finna ein veg ut av dette som ikkje knuser namnekonsulenttenestene og vedtaksorgana, har vore drøft fleire gonger av dei impliserte partane. Namnekonsulentane har hevda at vidare bruk av godkjende namn bør skje på grunnlag av den skrivemåten som er mest i samsvar med normeringsreglane i lova, og oftast vil det seia namneformene på N50-serien, medan fylkeskartkontora synest å ha likestilt namna på Økonomisk kartverk og i N50-serien, og til dels føretrekt ØK-formene. N50-formene har i stor grad vore gjennomgått av namnekonsulentane etter dei same prinsippa som stadnamnlova legg opp til og burde såleis vera dei rettaste å bruka – sjølv om det altså er lovleg å nytta andre skrivemåtar som var i offentleg bruk før 1. juli 1991, då lova tok til å gjelda. Det førekjem rett nok at skrivemåten på N50-serien er uheldig, og at ØK-forma samsvarar betre med reglane, og i dei tilfella bør den siste leggjast til grunn.

Eit konkret døme på at Statens kartverk ynskjer å rydda opp, gjeld *Verstad* i Holla i Telemark. Dette namnet er skrive slik på N50, *Wærstad* på



ØK og *Værstad* i GAB. Kartverket har vendt seg til Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder-fylka for å få råd om kva skrivemåte som er å føretrekkja. Namnet finst berre i etterreformatoriske skrivemåtar og er skrive *Wer(e)stad* o.l., men *Wærstad* i i 1723. Bokstaven *W* skal vanlegvis ikkje nyttast i norske stadnamn, slik at valet må stå mellom *Verstad* og *Værstad*. Uttalen i fyrsteleddet er med /æ/, og på det grunnlaget ville *Vær-* vera ein rimeleg skrivemåte. Men det går fram av dei eldste kjeldene og av kommentarane i NG 7, s. 176, at vokalen i fyrsteleddet mest sannsynleg går attende på *e*, og at omsynet til den ordhistoriske forma tilseier skrivemåten *Ver-*. På den andre sida er ikkje fyrsteleddet sikkert tolka, og dette saman med uttalen og dagens utbreidde skrivemåte med *æ* gjer at *Værstad* må kunna akseptrast. Namnekonsulentane meiner at Kartverket må kunna stå fritt i valet mellom *Verstad* og *Værstad*, men at den eine av desse formene bør gjennomførast i all offentleg bruk. Om det framleis er aktuelt å reisa namnesak, må sjølvsgt saksbehandlingsreglane i namnelova fylgjast.

Botolv Helleland  
[botolv.helleland@inl.uio.no](mailto:botolv.helleland@inl.uio.no)

NORNA

### KOMANDE NORNA-SYMPIUM

NORNAs 31. symposium, Stednavnetypen *-torp*, skal haldast 25.-28. april 2002, Jaruplund, Sydslesvig, Danmark.

Kontaktperson: Bent Jørgensen [berge@hum.ku.dk](mailto:berge@hum.ku.dk)

ICOS-NYTT

### ICOS XXI — UPPSALA 19–24 AUGUST 2002

Till kongressen har hittills (desember 2001) inkommit hela 379 preliminära anmälningar från 43 länder, varav 289 med föredrag. Det stora antalet föredrag har medfört att sektion 3 kommer att delas i 3a (franska och tyska föredrag) och 3b (engelska föredrag) och att sektionerna 2a och 2b dessvärre kommer att behöva delas mitt itu med parallella föredrag; sålunda kommer vi under en stor del av veckan att ha tio parallella föredragssektioner. Glädjande är att sektion 1 (Name theory) hittills har 29 föredrag och sektion 6 (Names in literature) 34 föredrag. Listan över flest deltagare

toppas inte oväntat av Sverige (58), mycket tätt följt av Tyskland (54). På tredje och fjärde plats glädjande nog Italien (30) och Ryssland (22), därefter Spanien (20), Norge (19) och Finland (18).

Vårt andra cirkulär har sänts ut per post och kan också läsas på vår websida [www.dal.lu.se/sofi/oau/ICOS21.html](http://www.dal.lu.se/sofi/oau/ICOS21.html). Nästa cirkulär kommer i maj 2002. Sammanfattningsvis kan sägas att vi är överväldigade och glada över det stora intresset.

Mats Wahlberg  
[mats.wahlberg@sofi.uu.se](mailto:mats.wahlberg@sofi.uu.se)

FN-NYTT

### **MØTE I DEN NORDISKE DIVISJONEN**

Den nordiske divisjonen av UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) hadde møte i København 6.–7. desember 2001, delvis på Kort- og Matrikelstyrelsen og delvis på Institut for Navneforskning. Frå Noreg møtte Nils Jørgen Gaasvik og Botolv Helleland. Dei viktigaste punkta på møtet galdt den årlege rapporteringa til FN sentralt og førebuingane til Den 8. FN-konferansen om geografiske namn i Berlin 26. august – 5. september 2002. I samband med Berlin-konferansen skal det veljast ny leiing for Den nordiske divisjonen (i inneverande periode har Hans Ringstam, Lantmäteriet i Gävle, vore leiar, og Leif Nilsson, Namnavdelningen i Uppsala, har vore nestleiar).

Vidare vart arbeidet i dei nasjonale vedtaksorgana for stadnamn drøfte på bakgrunn av situasjonen i Danmark. Det vart gjeve ei innføring i stadnamndatabasen til Kort- og Matrikelstyrelsen, og i den nyleg oppretta stadnamndatabasen til Institut for Navneforskning. Det vart òg referert frå GIS-konferansen i Helsingfors 8.–10. oktober 2001, der m.a. spørsmålet om uoffisielle namnedatabasar i motsetning til offisielle namnedatabasar vart diskutert.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

### **SEMINAR FOR EIN 80-ÅRING**

I samband med at Seksjon for namnegransking (tidlegare Norsk stadnamn-arkiv) runda 80 år i 2001, blei det halde eit namneseminar den 22. november i Georg Sverdrups hus på Blindern, i forkant av MONS 2001. Nærare 30 personar frå namnemiljøet deltok. Eit overordna tema for seminaret var tilhøva ved dei norske namnearkiva og dei tilhøyrande fagmiljøa. Det var tre innlegg i første økta. Den første foredragshaldaren var *Ole-Jørgen Johannessen* frå Nordisk institutt i Bergen, og han bygde foredraget sitt på tre punkt:

- 1) Har vi nokon politikk og strategi for vidare innsamling?
- 2) Kven skal sikre arkiva om 10 – 15 år?
- 3) Kva er namnegransking?

Under punkt 1 peikte han på at økonomien set grenser for kva vi kan make å samle inn av namn. Innsamling gir ikkje vektal. Han stilte spørsmål om det er nødvendig å samle inn *alle* namn. I Bergen løyver instituttet 60 000 kr til namneseksjonen. Like mykje er skaffa til veges gjennom søknader til andre kjelder.

Vidare viste han til at vi har få studentar i dag som skriv hovudfagsavhandlingar om namn. Det kan føre til krise når dagens namnegerasjon forsvinn. Under siste punktet peikte han på at vi må tore å gå utanom dei tradisjonelle stigane når det gjeld emne for hovudfagsoppgåver. Her må dei lokale institusjonane inspirere til nye idear. Johannessen viste til Finland. Her fokuserer ein på byens namn. Dette er eit tema som appellerer til ungdommar frå urbane miljø.

Johannessen refererte til korleis ein i Sverige har organisert namneregistrering gjennom eit sentralt arkivsenter i Uppsala. Noreg har ikkje noko som tilsvare det svenske Arkivverket, men dette burde vere eit statleg ansvar også i Noreg, og det namnefaglege miljøet burde ta opp dette spørsmålet med Kulturdepartementet. Til sist kom Johannessen inn på at formidling av namnekunnskap på nettet kan bli eit framtidig ”agn” for større tildelingar.

Foredraget til *Tom Schmidt* frå Seksjon for namnegransking dreidde seg om to tema: Oppgåver og plikter for arkiva, og økonomi. Dei økonomiske rammene har stadig blitt trongare for vårt fagområde. Samtidig er det stor interesse lokalt for det vi driv på med. Lokale organisasjonar er villige til å betale for foredrag om namn. Kanskje vi i den pågåande endringa av universitetsstrukturen bør sjå på nye modular der namnegransking kan kombinerast med t.d. busetnadshistorie, kunsthistorie, arkeologi og lokalhistorie. Han viste òg til at tilrådingane frå namnekonsulenttenestene stundom fører til irritasjon. Vi må få gjort det klart for publikum at namnerøkt

ikkje er målstrev, men ei lovpålagd oppgåve. Til sist peikte Schmidt på at den nasjonale namnedatabasen må gjerast allmennt tilgjengelig. Pengar og datakunnskap er nøkkelord her.

*Peder Gammeltoft* frå Københavns universitet gjorde greie for arbeidet med ein ny felles database, NAPNDG, dvs. North Atlantic Place-Name Database Group, der Skottland, Island, Færøyane og Danmark i utgangspunktet var med. Seinare er Sverige og Noreg blitt representerte i utvalet som arbeider med prosjektet. Til no er om lag 36 000 såkalla kjeldeformer inntasta. Målet er å undersøke grundig eksisterande nordatlantiske stadnamndatabasar og strukturane i desse basane. Ein vil også vurdere rentabiliteten av NAPNDG-databasen i høve til utvikling av prosedyrar/metodar til utveksling av data mellom dei einskilde stadnamndatabasane som alt finst. Eit viktig problem som ein må finne ei løysing på, er rettigheitsproblemet. Eit anna problem er å utvikle ein brukarvennleg database samstundes som databasen er strukturelt kompleks.

Andre økta var sett opp med fire innlegg, men uveret på Vestlandet gjorde at Peter Hallaråker ikkje rakk fram. *Botolv Helleland*, *Aud-Kirsti Pedersen* og *Ola Stemshaug* gjorde kort greie for arkivsituasjonen i Oslo, Tromsø og Trondheim. Felles for alle er at institusjonane som arkiva ligg under, ikkje løyver pengar eller løyver altfor lite pengar til arkiva. Undervisning i namnegransking, rekruttering av studentar, rolla til samarbeidsnemnda for namnegransking var tema som blei drøfta. Det blei foreslått at namnegranskarmiljøet bør samarbeide og utvikle planar for tidsavgrensa forskingsprosjekt av liknande type som TEIN-prosjektet (*Talemålsendring i Noreg*). Eit anna forslag var at Samarbeidsnemnda for namnegransking snarast ber om eit møte med kulturministeren for å gjere greie for arkivsituasjonen i landet og drøfte åtgjerder. Arkiva får ikkje løyvingar frå institusjonane lenger til å utvikle arkiva, og det er uråd å få løyvingar frå Noregs forskingsråd. Det må derfor vere eit nasjonalt ansvar å syte for at arkiva våre blir utvikla i samsvar med dei krava som vi set i dag til velfungerande arkiv. Situasjonen for dei norske arkiva står langt tilbake jamført med den vi finn i nabolanda våre.

Helge Stangnes

[helge.stangnes@hum.uit.no](mailto:helge.stangnes@hum.uit.no)

Aud-Kirsti Pedersen

[aud.kirsti.pedersen@hum.uit.no](mailto:aud.kirsti.pedersen@hum.uit.no)

## SEMINAR OM PERSON- OG STADNAMN I LOKALHISTORIA

Den 9.–11. november 2001 arrangerte Norsk lokalhistorisk institutt eit seminar om person- og stadnamn i lokalhistoria. Seminaret vart halde på Forsvarsmuseet i Oslo. Det var i alt 49 deltakarar med på seminaret. Etter ei velkomsthelsing og innleiing av Knut Sprauten var fyrste foredragshaldar Nina Børge-Ask, fyrstekonsulent i Kulturdepartementet. Ho tok for seg stadnamnlova og kom inn på problem med tolking av lovteksten. Lova gjeld fyrst og fremst hossen stadnamn skal skrivast i offentleg samanheng. By- og bygdebokforfattarar er ikkje omfatta av denne lova, men ho tilrådde at dei i størst mulig grad følgjer stadnamnlova. Neste foredragshaldar var lokalhistorikaren og genealogen *Terje Gulbrandsen* som gjorde greie for dei praktiske røynslene han hadde gjort med normalisering av namn i bygdebokarbeid. Han fortalde særleg om sitt arbeid med Bodin-bøkene. Gulbrandsens bodskap til tilhørarane var at folk bør få skrivi namnet sitt på den måten dei skreiv det sjølve, mens folk som ikkje kunne å skrive, bør få det skrivi på ein slik måte at dei sjølv hadde kjent det att. Han stilte m.a. spørsmålet: Kor godt var det danske skriftspråket til å gi att talemålet? *Anne Svanevik* ved forvaltningsseksjonen i Statens kartverk snakka om arbeidet med namnesaker i Statens kartverk, m.a. om kven som kan ta opp namnesak og kven som kan fatte vedtak. Alle namn det er gjort vedtak på, skal sendast til Sentralt stadnamnregister (SSR). Det er gjort vedtak av om lag 80000 namn etter at lova tredde i kraft. Dei aller fleste namnesakar går greitt sidan det oftast er semje mellom partane. Det er gardsnamna/bruksnamna det er mest problem med.

Fyrste foredragshaldar på laurdagen var *Terje Larsen*, rådgjevar i Språkrådet og sekretær for namnekonsulentane samt sekretær i klagenemnda. Han heldt eit foredrag med tittelen ”Offentleg normering av person- og stadnamn”. Han kom med ein del argument for å normere, som m.a. at vi ikkje skriv som vi talar, og at same namnet kan uttalast på ulike måtar. Han har fyrst og fremst arbeidd med stadnamn, men han kom òg inn på reglar for hossen ein skal skrive fornamn og farsnamn (patronymikon). Vidare tok han for seg nokre døme på namnesaker og namn det har vori og framleis er strid om. Hans råd til by- og bygdebokforfattarar var at ein bør leggja lokal uttale til grunn for normeringa. *Botolv Helleland* heldt så eit foredrag om namnenormering og namnevern i ein internasjonal samanheng, med særleg vekt på dei nordiske landa. Han tok fram ein del argument som gjekk på vern av stadnamn som kulturminne. *Margit Harsson* heldt så eit foredrag med tittelen ”Stadnamn i eldre busetnadssoge – kvar står vi i dag?”. Her fekk vi ei oppdatering på siste nytt innan dateringa av hovudledda i stadnamn. Noe av det nye her var at dei eldste *staðir*-namna kan vera så gamle som 2000 år. Neste foredragshaldar var *Tom Schmidt* med foredraget

”Hvilke krav bør stilles til steds- og personnavnregistre i by- og bygdebøker?”. Schmidt viste ved noen eksempel kor mangelfulle mange av bygdebøkene er når det gjeld register, og at noen ikkje har register i det heile. Han meinte at eit grunnleggande krav som bør stillast til eit godt register, er at det viser begge vegar. Vidare meinte han at alle bygdebokforfattarar må ta med alle stadnamn med gards- og bruksnummer som er nemnt i teksten. Han syntest det kunne verke utopisk å ta med alle personar i ei gards- og slektshistore, men i ei generell historie syntes han dette burde vera eit krav. Når det gjaldt skrivemåte av personnamn, syntes han ikkje det var så viktig hossen eit namn blir skrivi, men at ein var konsekvent. På sundag heldt *Gudlaug Nedrelid* eit innlegg om ”Framvoksteren av norske slektsnamn”, som bygger doktorgradsavhandlinga hennar. Ho gjorde greie for kva som er norske slektsnamn i motsetnad til utanlandske, og at skikken med arvelege etternamn er ein skikk som vart innført frå Danmark på 1600-talet. Vidare tok ho for seg dei ulike typane etternamn vi har her i landet. Tom Schmidt avslutta med foredraget *Fornavn i Norge gjennom 1000 år*. Han gav her døme på namnetypar som har vori i bruk i dette landet gjennom dei siste 1500 åra, og han viste at noen av desse namna går att i heile perioden. Videre poengterte han at samansette nordiske namn ikkje har noka sjølvstendig tyding da dei har vorti til ved variasjonsprinsippet. Han viste at det er noen namn som er typiske for Island, Noreg og Austnorden i vikingtida. Alt frå langt tilbake i tida har det vori innlån av namn til landet. Frå 1830-åra kjem det ein kallar namnerenessansen her i landet. Med omsyn til skrivemåte meinte Schmidt at importerte namn bør skrivast etter norsk mønster.

Frode Myrheim  
[frodmyr@frisurf.no](mailto:frodmyr@frisurf.no)

## LOKALE STEDSNAMN I NORDMARKA

Den gangen det bodde skogsarbeidere på hver koe i Nordmarka, og en ikke hadde dagens moderne måter til å angi sted, brukte de i stedet mange lokale navn til å angi sted for de arbeidene som skulle utføres. Disse navnene står ikke på nyere kart, og når det ikke lengre er behov for alle disse navnene på samme måten som tidligere, blir de mindre brukt. Når de eldre skogsfolkene slutter, blir dermed også kunnskapen om slike navn etter hvert borte. Lokale navn kan være viktige kulturminner på linje med fysiske spor av tidligere aktivitet.

For å ta vare på flest mulig av disse gamle navnene, inviterte vi Skogdivisjonen i Løvenskiold-Vækerø pensjonerte skogbestyrere til et ”navne-seminar” for en tid siden. Noe forarbeid var gjort av samtlige før vi møttes, slik at seminaret besto i å samordne opplysningene og overføre navnene til Økonomisk kartverk. De gamle navnene ble påført kartene på grunnlag av de gamle skogsfolkenes gode lokalkunnskap om disse stedene og delvis på grunnlag av gamle driftskart med påføringer. I de tilfellene navnet har en sammenheng med en bestemt historisk hendelse eller lignende, ble også historien bak navnet nedskrevet. Både før og under seminaret ble det gjort en stor og viktig innsats, og resultatet ble ca. 230 navn som ikke står på dagens økonomiske karter. Dette er viktig historie og viktige kulturminner for vår bedrift, som vi er svært takknemlige for at vi nå har fått samlet. Informantene har vært nåværende og pensjonerte skogbestyrere på Kikutstua (Per Fineid, Gundbjørn Flatin, Jon Kittilsbye, Ole Svendsen, Johannes Knai, Jostein Andersen, Ingvald Fredrikstad, Erling Kroken, Arne Fossneset og Steinar Hoffart). Materialet oppbevares i vårt arkiv, og det planlegges å gjøre det elektronisk tilgjengelig.

Rolf Hatlinghus  
Røyse

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

### **REGJERINGEN VIL LIBERALISERE NAVNELOVEN (Pressemelding desember 2001)**

Regjeringen ønsker at folk skal få større frihet til å velge navn. Derfor foreslås en rekke forenklinger i forslaget til ny navnelov som er lagt frem i dag. Doble etternavn og gamle slektsnavn skal tillates.

– Retten til å velge det navn man ønsker skal ligge hos befolkningen, og myndighetene bør i færre tilfeller overprøve valg av navn. Derfor vi legger vi frem en ny og liberalisert navnelov, sier justisminister Odd Einar Dørum. Han mener at navneloven fra 1964 er foreldet.

#### **Beskyttede etternavn**

Bare etternavn som har flere enn 200 bærere, skal kunne tas av folk uten tilknytning til navnet uten samtykke fra de som har det. I dag er grensen 500 bærere. Forslaget vil føre til at antallet frie navn omtrent tredobles. Samtidig vil navn som har så få bærere at navnet kan markere tilhørighet til samme slekt eller familie, fortsatt være vernet.

Forslaget åpner for utenlandske navneskikker og navneskikker blant urfolk og nasjonale minoriteter, blant annet ved at det åpnes for at etternavn

tas som fornavn og motsatt når det gjelder navn som har tradisjon i en kultur som ikke skiller mellom fornavn og etternavn. Det åpnes også for parentonymer (en av foreldrenes fornavn med ending som viser slektskapet), også parentonymer dannet ved utenlandske endinger. Det åpnes for at også besteforeldrenes fornavn brukes med en ending som viser slektskap, når det gjelder navn som har tradisjon i en kultur som tillater det, som den samiske kulturen.

– Vi må i langt større utstrekning åpne for utenlandske navnetradisjoner og navnetradisjoner hos samer og nasjonale minoriteter, sier Dørum.

### **Kan ta eldre slektsnavn**

Bakover i slekten foreslås det at man fritt skal kunne hente etternavn som tippoldeforeldrene har hatt, uavhengig om disse er blant de 200 skjermede navn. I dag er det ikke kurant å gå lenger tilbake enn besteforeldrene, og da normalt under forutsetning av at en selv har brukt navnet i lang tid.

– Det vil bl.a. gi urfolk og nasjonale minoriteter som må gå langt tilbake for å finne etternavn med rot i sin kultur, større muligheter for å ta slike navn, sier Dørum.

### **Etternavn**

Regjeringen foreslår at folk skal kunne ta doble etternavn, det vil si etternavn som består av to etternavn forbundet med bindestrek. Det doble etternavnet kan settes sammen av to av alle de forskjellige etternavnene man kan ta. Et dobbelt etternavn anses i denne forbindelse som to etternavn. Det åpnes derfor ikke for at doble etternavn settes sammen til tre- eller firedobbelte etternavn. For nylagde etternavn stilles det langt færre begrensninger enn i dag. Blant annet bortfaller regelen om at det ikke bør gis tillatelse til nylagde navn med utenlandsk klang eller skrivemåte. Det foreslås at samboere som har bodd sammen i to år eller har felles barn, skal ha samme adgang til å ta hverandres navn som ektefeller, dersom samboeren samtykker.

### **Vesentlig ulempe**

– Bare navn som kan bli til ”vesentlig ulempe” for den som skal ha det, skal kunne nektes. Kriteriet er i dag ”ulempe”. Det offentliges adgang til å overprøve folks navneønsker blir dermed redusert, påpeker justisministeren.

### **Endring en gang hvert tiende år**



Det foreslås en uttrykkelig regel om navnestabilitet, blant annet for å markere at navn er en identifikasjon av betydning for samfunnet og fordi loven ellers foreslås liberalisert på en rekke punkter, noe som kan føre til flere navne-endringer. Hovedregelen blir at man ikke kan endre fornavn og etternavn mer enn en gang hvert tiende år. Unntak vil gjelde bl.a. ved giftermål, adopsjon og samboerskap og der det ellers foreligger ”særlige grunner”.

[Lovforslaget er fremsatt i Ot prp nr 31 \(2001-2002\) om lov om personnavn \(navneloven\)](#)

[Proposisjonen bygger på NOU 2001: 1 Lov om personnavn - Tradisjon, liberalisering og forenkling](#)

## **EIT FLEIRKULTURELT PERSPEKTIV PÅ FRAMLEGG TIL NY LOV OM PERSONNAMN <sup>1</sup>**

### **Innleiing**

I avisa Nordlys kunne ein 18. april 2001 finne denne overskrifta: ”God aften, mitt navn er Kålrabistappe” – og artikkelen under handla nettopp om kva slags namn ein trulig i framtida fritt ville kunne velje. Bakgrunnen for denne og andre avisartiklar (t.d. Adresseavisen 26.3.2001 og Aftenposten 6.8.2001) var NOU 2001: 1, med til dels radikale framlegg til endring av gjeldande lov. Denne offentlige utgreiinga var eit resultat av at namnelovgivinga hadde vore under press, særlig på 1990-talet og ikkje minst pga. auka innvandring til Noreg.

Utgreiingsarbeidet om namnelova og revideringa av ho blei offentliggjort i januar 2001, og tittelen *NOU 2001: 1: Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling* viser til delar av mandatet arbeidsgruppa hadde fått. Der blir det m.a. sagt at målet med utgreiinga skal vere ”å få til en vesentlig liberalisering og modernisering av navneloven, samt lage regler som kan åpne for at personer fra andre kulturer kan videreføre sin navne-

---

<sup>1</sup> Artikkelen bygger i stor grad på Reisæter 2001b (sjå litteraturlista).

tradisjon ved innvandring til Norge” (NOU 2001: 1, pkt. 2.1). Når eg nå skal vurdere framlegget til ny namnelov slik det blir presentert i NOU 2001: 1, er høringsfristen for lengst gått ut. Men ennå er det ikkje lagt fram ein odelstingsproposisjon, og regjeringsskiftet gjør at det vidare arbeidet med lovrevisjonen kan ta si tid. Fleire endringar kan dessutan komme til undervegs. I hovudoppgåva mi (Reisæter 2001a) har eg særlig engasjert meg i utanlandsk namneskikk i møte med den norske, og i denne artikkelen skal eg i stor grad konsentrere meg om kva endringsframlegga vil ha å seie for innvandrarene.<sup>2</sup> Utkastet til ny namnelov inneheld 20 paragrafar fordelt på 6 kapittel, og eg kjem til å kommentere dei aktuelle lovframlegga i same rekkefølge som i lovutkastet. I tillegg til mi eiga vurdering ser eg òg på argumentasjonen til arbeidsgruppa bak NOU 2001: 1.<sup>3</sup> Arbeidsgruppa blir forkorta AG og omtalt i 3. person eintall når gruppa uttaler seg med ei stemme, slik ho stort sett gjør.

## Kommentarar til ulike paragrafar i lovutkastet

### *Kapittel 1. Namneplikt*

§ 1 i lovutkastet slår fast at alle skal ha minst eitt fornamn og minst eitt etternamn og ha plikt til å bruke det registrerte fornamnet og etternamnet sitt som personnamn. Dette og resten av lovformuleringa er det ikkje vanskelig å seie seg samd i ut frå namnetradisjonen vi har i Noreg og behovet for identifikasjon og kategorisering. Eit interessant lite apropos er namnet til ein student på universitetet her i Tromsø. Han kjem frå ein eitnamnskultur i eit afrikansk land, og måten han løyser namneregistreringsproblemet på, er å føre opp dette eine namnet sitt både i fornamns- og etternamnsrubrikken på norske skjema.

### *Kapittel 2. Etternamn*

Spørsmålet om vi bør bruke termen *slektsnamn* eller *etternamn* blir drøfta av AG, og eg samstemmer i at vi går over til *etternamn*. I dag er det juridiske skiljet mellom termene i praksis uviktig, og *etternamn* er den termen som blir brukt jamt over. Dessutan passar *etternamn* logisk inn i den posisjonelle terminologien vi har med *fornamn* og *mellomnamn*. *Slektsnamn* er også misvisande når det refererer til etternamn ein ikkje har arva.

---

<sup>2</sup> Sjå Reisæter (2001a:11 ff.) for definisjon av termar som gjeld utlendingar i Noreg.

<sup>3</sup> Eg har også hatt tilgang til høringsfråsegnene som departementet fikk inn.

§ 3 dreier seg om *etternamn med rettsvern*, og her går AG inn for å setje ned grensa for verna namn frå 500 til 200 namneberarar. Dette er eit punkt i lovframlegget det er og kjem til å bli strid om. Argumentasjonen rundt verna etternamn har gått frå at det er ein over hundre år godt innarbeidd tradisjon, og at ei lovendring ville vere eit dramatisk inngrep i det namnemessige vernet ein del nordmenn føler dei har – til at det er anakronistisk og udemokratisk å la ei gruppe menneske ha det privilegiet det er å forby andre å bruke eit namn. Dessutan ville namnelovgivinga bli enklare å praktisere dersom skiljet mellom verna og frie etternamn blei oppheva. Eg er einig i ei talmessig innskrenking av verna etternamn, men meiner nok at alle etternamn i Noreg på sikt burde kunne bli fristilt, og eg argumenterer for dette i Reisæter 2001b. Eit problem med dagens vern av etternamn er at denne ordninga hindrar ein del innvandrarar i å ta det utanlandske etternamnet dei ønskjer fordi dei ikkje kan dokumentere fullgod slektsmessig tilknytning eller vise at det aktuelle namnet er frekvent i heimlandet deira. AG diskuterer ulike løysingar (jf. NOU 2001: 1, pkt. 8.2.2) og kjem fram til at det må vere talet på namneberarar i Noreg som er utslagsgivande for rettsvernet. Da har ein like fullt problemet med at utlendingar ikkje vil få godkjent eit etternamn som er vanlig i heimlandet, men sjeldsynt i Noreg. AG meiner likevel at problemet delvis kan løysast ved lovframlegget om at framtidige nye etternamn – både av norsk og utanlandsk opphav – ikkje skal ha rettsvern. Og etter kvart vil ein del innvandrarnamn bli så frekvente i Noreg at dei ville miste rettsvernet likevel (særlig viss framlegget om 200 berarar blir vedtatt). Her er eg samd med AG i synet på namn som skal ha rettsvern. Dessutan er det viktig at dei same reglane skal gjelde for nordmenn og innvandrarar, fordi alle så langt som råd bør vere like for lova.

Lovframlegget fastslår at namn som er eller har vore registrert i det sentrale folkeregisteret som fornamn ikkje bør bli tillate som nylaga etternamn, men seier at løyve blir gitt om namnet har opphav eller tradisjon som etternamn i Noreg. Og lovutkastet har eit viktig tillegg: Løyve blir gitt om det ønskte namnet har opphav eller tradisjon som etternamn i utlandet eller har tradisjon i ein kultur som ikkje skil mellom fornamn og etternamn. Dette er reglar som gjør at fleire innvandrargrupper kan følgje namneskikken frå heimlandet. Det nye lovforslaget har imidlertid ikkje med det første punktet i § 6 i gjeldande lov om at ein ikkje bør gi løyve til ”namn med utanlandsk klang og skrivemåte”. Det er forståelig nok når ein samtidig opnar for at innvandrarar skal få bruke namna sine i Noreg. Men kanskje ein i lovframlegget kunne ha tatt med ein passus om skrivemåten av *norske* etternamn? Vi har hatt periodar i landet da etternamna blei kunstferdig dekorert med alskens grafisk pryd, men vil vi dette på 2000-talet?

§ 5 handlar om namn som ein i alle høve kan velje som etternamn, og § 5 (1) nr. 1 seier at ein kan velje namn som har vore ein av oldeforeldras, besteforeldras eller foreldras etternamn eller mellomnamn, bortsett frå namn ”som er ervervet ved ekteskap eller samboerskap”. Dette er ei fornuftig utviding av gjeldande reglar om val av etternamn, etter mitt syn. Slik kan ein person velje eit namn frå slekta som elles ville ha døydd ut, og tradisjonsrike namn i familien kan komme til heider og ære att. Eller ein kan sleppe unna etternamn som er problematiske av familiære eller andre grunnar. Samtidig opnar dette punktet for at t.d. innvandrarar med muslimsk trenamnsskikk eller tamarar frå Sri Lanka kan få eit etternamn i tråd med tradisjonen i heimlandet (jf. Reisæter 2001a, pkt. 4.5.2. og 4.5.4.). Lovutkastet har for øvrig hatt innvandrarane i tankane med § 5 (1) nr. 2 og 5 der det blir gitt løyve til fornamn som etternamn ”når navnet har en tradisjon i en kultur som ikke skiller mellom fornavn og etternavn” – men eg tolkar også § 5 (1) nr. 1 som støtte for t.d. somalisk og tamilsk namneskikk.

§ 5 (1) nr. 3 tillèt bruk av ekte patronym og metronym som etternamn, og altså ikkje berre som mellomnamn slik det er i gjeldande lov. Dette lovframlegget støttar eg, og det er også logisk at desse namna ikkje skal kunne overførast (jf. § 5 (2)). Slik bruk av ekte patronym er å spinne vidare på ein gammal tradisjon i norsk namneskikk, samtidig som bruk av metronym er ein fin måte å vise til det moderlige opphavet på. Dessutan kan § 5 (1) nr. 3 opne for at fleire innvandrarar enn islendingane kan følgje den heimlege namneskikken

§ 5 (3) handlar om retten adoptivbarn har til etternamn, og her er det også tatt omsyn til at stadig fleire adoptivbarn i Noreg har utanlandsk opphav. Dei er ein naturleg del av det fleirkulturelle norske samfunnet, og som alle andre bør dei også ha rett til å halde på det etternamnet dei har fått, eller seinare i livet velje eit anna.

§ 6 dreier seg om *doble etternamn* og seier at namn som kan brukast som etternamn etter lovføresegnene, kan setjast saman til eit dobbelt etternamn med bindestrek. Slik doble etternamn kan fritt oppløysast. Dette er den einaste paragrafen i lovutkastet der arbeidsgruppa er delt i et fleirtal og eit mindretal. Begge sider har fått komme til orde med sine syn, og AG bruker mye plass på argumentasjonen rundt doble etternamn (jf. NOU 2001: 1, pkt. 8.4). Det er mange gode argument for ein utvida bruk av doble etternamn, men eg lèt meg likevel ikkje overtyde heilt. Eg festar meg meir med dei praktiske problema mindretalet i AG, kontorsjefen frå Sentralkontoret for

folkeregistrering, listar opp (loc.cit.). Ho har sikkert opplevd dei daglige vanskaner som kan dukke opp. Mi eiga erfaring med doble etternamn kjem først og fremst frå fleire års undervisning av finske helsearbeidarar i Tromsø og registrering av namna deira i skolesamanheng. Som kjent kan finlendarar ha doble slektsnamn (jf. Blomqvist 1989:134), og ein del av elevane mine har slike doble bindestreksnamn der kvart namn inneheld minst tre stavingar. Desse etternamna blir lange og upraktiske både på skjema og i daglig bruk, iallfall her i Noreg. Korleis vil tilsvarende norske namn fungere i dagliglivet og på skjema dersom kvart av etternamna kanskje har fleire enn tre stavingar?

AG er inne på andre praktiske problem og seier at to personar som gifter seg og kvar har eit dobbelt etternamn, ikkje kan gi barna sine eit dobbelt-dobbelt etternamn. Lovframlegget går ut på at det maskimalt skal kunne takast eitt dobbelt etternamn, og godt er det! Men AG har òg framlegg om at doble etternamn fritt skal kunne oppløysast, og at barna skal kunne få eitt av dei to namna i sin etternamnskombinasjon. Det blir mange finurlige lovfunderingar rundt bruken av doble etternamn, og eg meiner vi ville vere betre tent med ein meir romslig bruk av mellomnamn og enkle etternamn. Dessutan har vi ein avgrensa bruk av bindestrek i norsk, og slik bør det framleis vere etter mitt syn, også når det gjeld mellom- og etternamn. Eg trur både likestilling og innvandartoleranse kan fremjast utan doble etternamn, og fryktar til sjuande og sist eit villnis av uhandterlige bindestreksnamn, som endrar seg frå generasjon til generasjon. Likevel ser eg at med eit liberalt løyve til doble etternamn kan innvandrarar frå land med portugisisk og spansk namneskikk følgje heimlandstradisjonen i større grad enn med ein friare bruk av mellom- og etternamn.

§ 7 gjeld *kjønnsbestemte etternamn*. Her har eg få kommentarar, ikkje anna enn litt pirk og pedanteri. I merknadene til § 7 i lovforslaget (NOU 2001: 1, s. 145) viser AG til tidligare punkt i utgreiinga, og går vi til pkt. 3.8.1.6., finn vi omtale av ”Slektsnavn etter østeuropeisk navneskikk”. Her blir framstillinga for generell og delvis ukorrekt, for den omtalte skikken gjeld først og fremst slaviskspråklige land og ikkje heile Aust-Europa. Dei same range opplysningane som eg fann i rundskriv G-150/91: 15 og i eit departementalt brev til fylkesmennene 23.10.97 (jf. Reisæter 2001a, fotnote 50 og 56) har følgt med over i NOU 2001: 1.<sup>4</sup>

---

<sup>4</sup> Samtidig vil eg petimetrisk peike på at all annan informasjon om utanlandsk namneskikk heller ikkje er heilt nøyaktig. Det stemmer t.d. ikkje som opplyst i NOU

### **Kapittel 3. Fornamn og mellomnamn**

§ 8 gjeld *fornamn*. Både namnelova av 1923 og tilsvarande lov i 1964 har ein paragraf som skal hindre at det blir gitt namn som kan vere til ulempe for beraren, og utover 1900-talet, har grensa for støytande eller stigmatiserande namn stadig endra seg. Ved innvandring frå land med personnamn som t.d. er homonyme med negative, låttelige eller tabubelagte ord og omgrep i norsk (jf. Reisæter 2001a, pkt. 5.6), har vi blitt kjent med namn som mange har vanskar med å forstå og godta. Justisdepartementet har liberalisert tolkinga av ulempekriteriet i takt med utvidinga av namnerepertoaret i Noreg, men vi treng framleis ein lovparagraf som skal hindre at det blir brukt fornamn som kan bli til ulempe. AG gjør framlegg om at ein skal bruke formuleringa ”til vesentlig ulempe” i den nye namnelova, slik det òg blir gjort når det gjeld etternamn. AG presiserer at tolkinga av ulempekriteriet må vere *dynamisk* fordi synet på om namnet er til ulempe, kan endre seg over tid (NOU 2001: 1, s. 141). Det har vi tydelig sett, ikke minst når det gjeld utanlandske namn i Noreg (Reisæter 2001a, kap. 6) Viktig er det dessutan at § 8 (1) må tolkast strengare når det gjeld barn enn vaksne, m.a. med tanke på eventuell mobbing.

Eg vurderer det som positivt at lovframlegget opnar for ei viss liberalisering av kva ein godtar som fornamn, og at tolkingspraksis skal skilje mellom namn til barn eller vaksne. Samtidig vil vi stadig sjå nye fornamn i Noreg, og desse bør vi prøve å finne ut av før vi eventuelt karakteriserer dei som det eine eller det andre. Dette gjeld ikkje minst registreringsbyråkratane som skal godkjenne eller avslå namna. Eg ser heller ingen overhengande fare for at alle gamle og tradisjonelle norske fornamn kjem til å bli borte eller drukne i flaumen av innvandrarnamn eller nylaga fantasi-skapningr på namnefronten. Men det er viktig at utanlandske foreldre blir opplyste om assosiasjonane nordmenn kan få til visse namn, og det er å ønskje at alle foreldre tenkjer seg om opp til fleire gonger før dei skjenkjer barnet sitt eit aldeles fabuløst, fantastisk fantasinamn. Akkurat dette kan ein ikkje lovfeste, dessverre.

§ 9 omtaler *mellomnamn*. Frå 1964 har vi kunna ta eit slikt offisielt namn av slektsmessig karakter (eller eit metro/patronym) som er personlig og ikkje automatisk arvelig. AG gjør framlegg om at ein held oppe mellomnamnet som namnetype og at bruken blir utvida. Dette framlegget støttar eg. Samtidig er det viktig at det er rettsvernet av etternamnet som avgjør kva

---

2001: 1, pkt. 3.8.1.7. at det er vanlig med tre namn i Iran etter muslimsk skikk, og ein del av opplysningane om muslimske namn i pkt. 11.3.1.4. kan også diskutertast.

for namn ein kan ta som mellomnamn. Men eg er ikkje einig i at ein skal kunne bruke to eller fleire mellomnamn, like lite som doble etternamn. Når det gjeld kva for etternamn og mellomnamn ektefeller kan ta, synest eg det er eit klokt framlegg at dei sjølve kan velje korleis dei vil kombinere sine respektive mellomnamn og etternamn. Dette trur eg òg vil komme ein del innvandrargrupper til gode. I tillegg trur eg at den bruken av mellomnamn og etternamn som blir skissert i NOU 2001: 1, pkt. 9.1.3, kan dekkje ein del av dei behova AG meiner vi treng fleire mellomnamn eller doble etternamn til.

#### ***Kapittel 4. Sambuarar, namnesøknad, domstolsprøving m.m.***

§ 11 gjeld forvaltningsorgan for namnesaker, med ei fornuftig forenkling i forhold til i dag, etter mitt syn. Det er viktig at namnekompetansen blir samla på færre organ og styrkt, og at sakshandsaminga blir effektivisert og lik frå det eine fylket til det andre. Alle høringsinstansane som har uttalt seg om dette er òg samde i at det trengst ein forenkla saksgang med to handsamingsorgan, men usemja er dessto større om kven som bør fungere som under- og klageinstans. Det skal ikkje eg ta stilling til her, men heller streke under kor viktig det er å få tilsett ein namnegranskar på konsulentbasis, knytt til det som blir vedtatt som klageorgan. For mange namnesaker har fått ei tilfeldig handsaming opp gjennom 1900-talet, ikkje minst pga. byråkratisk namnefaglig ukunne (jf. Reisæter 2001a, kap. 6), og dette bør bli retta på nå. Det beste vil trulig vere at vedkommande blir knytt til Seksjon for namnegransking ved Universitetet i Oslo. Denne namnegranskaren har eit naturleg nettverk i namnegranskingsmiljøa rundt i landet og kan rådføre seg med fagfellar når det måtte vere nødvendig.

#### ***Kapittel 5. Lovvalsreglar og internasjonale forhold***

§ 15 handlar om *bustadsprinsippet* (domisilprinsippet) og § 16 om *namn etter statsborgarlandets rett*. Desse to paragrafane, med dei endringane AG gjør framlegg om, vil komme nordmenn i utlandet og utlendingar i Noreg til gode.

#### ***Tradisjon – liberalisering – forenkling?***

Som eg kom inn på i innleiinga, fikk den departementsoppnemnde arbeidsgruppa eit vidt mandat 22. april 1999 (jf. NOU 2001: 1, pkt. 2.1). Her skal eg kort sjå på om lovframlegga til saman oppfyller intensjonane i dette mandatet, særleg frå eit innvandrarsynspunkt. Eg tar utgangspunkt i dei tre pregnante orda på framsida av NOU 2001: 1; *tradisjon, liberalisering og forenkling*. Med *tradisjon* tenkjer eg både på norsk namnetradisjon og den

namnetradisjonen innvandrara tar med seg til Noreg. Eg meiner at lovframlegget i stor grad gjør det mulig å føre gammal norsk namnetradisjon vidare i det nye tusenåret. Nå er ”gammal tradisjon” eit relativt omgrep, og vi kan diskutere om systemet med etternamn med rettsvern skal bli rekna som ein gammal norsk namnetradisjon. Innføring av ekte patronym som etternamn er i alle høve ein eldre tradisjon som nå kan takast opp att, mens vi neppe kan seie at doble etternamn med bindestrek er i pakt med grunnverdiane i norsk namnetradisjon.

Ein viktig del av mandatet til AG var å opne for at andre kulturar skulle kunne føre vidare namnetradisjonen sin i Noreg, og det trur eg lovutkastet i stor grad vil føre til. Med paragrafar som tar omsyn til at mange kulturar ikkje skil mellom fornamn og etternamn og ordnar namna sine i ein annan rekkefølge enn den norske, ser eg optimistisk på høvet innvandrara får til å følgje namnetradisjonen frå heimlandet. Denne opninga for utanlandske namneskikkar i Noreg er dessutan eit teikn på *liberalisering* av namnelova. Samtidig fører høvet til å kunne bruke beste- og oldeforeldras namn på ulike måtar både til at innvandrara kan følgje eigen namnetradisjon og til ein friare namnebruk for nordmenn. Liberaliseringa ser vi også i at det er framlegg om same høvet til å ta mellomnamn som til å ta etternamn, og at ein kan sjonglere med kombinasjonen av desse i ein familie. Framlegget i § 10 om namn i sambuarskap er eit anna teikn på at lovutkastet er tenkt for eit Noreg som sosialt og samlivsmessig ser annleis ut enn på 1960-talet. Det aukande mangfaldet i det norske samfunnet dei siste tiåra har trulig skapt større toleranse for det fremmende og avvikande, og AG har meint at namnelovgivinga bør spegle av at det er ei veksande forståing for at staten ikkje bør detaljregulere forhold som i stor grad gjeld privatlivet til den einskilde. Det går som ein raud tråd gjennom lovframlegget. Det liberale synet på fornamn er ei stadfesting av tendensane vi har sett på 1990-talet, og det er gledelig, ikkje minst for tospråklige familiar av alle slag. Men det er viktig at ikkje alt er tillate, særleg med tanke på barna som er prisgitt dei meir eller mindre gjennomtenkte namneønska til dei vaksne.

Når det gjeld forenkling og modernisering av namnelova, ser vi dette i at reglane som gjeld fornamn, mellomnamn og etternamn er blitt gjort enklare og med færre unntak. Og ikkje minst saksgangen vil kunne bli forenkla gjennom framlegget om berre to sakshandsamingsorgan. Innføring av doble etternamn derimot vil gjøre identifikasjon og registrering meir innvikla og krevje nye forkortingsrutinar, og slik ikkje verke forenklande for t.d. folkeregistera.

Kunne vi ha greidd oss med personnamnlova frå 1964 med seinare endringar? Eg trur ikkje det. Som NOU 2001: 1 har vist, er det gode grunnar til



at utgreiingsarbeidet endte opp med eit framlegg til ny lov. Med utgangspunkt i gjeldande lov har AG liberalisert namnelovgivinga på avgjørande punkt. Og sjølv om det er sider ved lovutkastet eg ikkje er samd i, er eg langt på veg nøgd med det som blir presentert i utgreiinga. Lovframlegga er eit godt råmateriale for ei ny namnelov i det nye tusenåret, og ikkje minst til bate for mange innvandrargrupper i Noreg.

### Avslutting

Etter mitt syn er det er ingen stor fare for at ei ny personnamnlov som skissert i NOU 2001: 1, ville resultere i eit skrekksenario, med ei syndflod av fornamn som *Kålrabistappe*, *Digitalia* og *Internetta* og etternamn som *Sunhill*, *Broadbay* og *Valléedunord*. Men ho ville gjøre at fleire kunne velje namn dei ønskjer i tråd med eiga identitetsoppleving og kulturbakgrunn – om det så er namn fra Koranen, Bibelen, Kalevala eller sagalitteraturen, oppvekstnamnet til bestemor, fornarnet til oldefar eller oppkallingsmønster fra Mogadishu. Eg fryktar meir uregjerlige namnekompleks som *Mette-Marit Ingunnsdatter-Nordberg Langdalen-Vallevik* og *Jan-Erik Andreas Øverås Skuterud-Johannesen* ...

Men ei ny personnamnlov er ennå ikkje vedtatt. Det er å håpe at dei som skal arbeide vidare med lovutkastet, tar omsyn til fornuftige innspel frå høringsinstansane og følgjer andre konstruktive framlegg som måtte komme dei for øre eller i hende. Det skal bli interessant å følge lagnaden til lovutkastet vidare i departement, regjering og storting. Og kanskje fører debatten rundt lovrevideringa til meir diskusjon og større medvit mellom folk flest når det gjeld personnamn, både norske og utanlandske?

### Litteraturliste

- Blomqvist, Marianne, 1989: 1985 års släktnamns­lag i Finland – innehåll och tillämpning. *Studia anthroponymica Scandinavica* 7.
- Lov 9. februar 1923 nr. 2 om personnavn.
- Lov 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn.
- NOU 2001: 1 = Norges offentlige utredninger 2001: 1: *Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling*. Justis- og politidepartementet. Oslo.
- Reisæter, Guro, 2001a: *Mitra, Jonas, Bjørk og Mohammed. Namn i to-språklige familiar i Tromsø*. Utrykt hovudfagsoppgåve. Universitetet i Tromsø.
- Reisæter, Guro, 2001b: *Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling. Ei vurdering av ny lov om personnavn med utgangspunkt i*

*Del III og IV i (NOU 2001: 1). Utrykt heimeeksamen til nordisk hovudfag. Universitetet i Tromsø.*

Rundskriv G- 150/91: *Lov om personnavn*. Justis- og politidepartementet. Oslo.

Guro Reisaeter  
[guro.reisaeter@hum.uit.no](mailto:guro.reisaeter@hum.uit.no)

## HUSDYRNAMN I SKIFTE FRÅ 1700- OG 1800-TALET

I 1990-åra vart det gjeve ut to bøker om husdyrnamn (Kruken). Men det var få trådar tilbake til eldre tiders namneskikkar i desse bøkene. Denne artikkelen viser at ein kan nytta skiftemateriale frå 1700- og 1800-talet til å avdekkja namnetradisjonar i bygdene på den tida. I skifta finn vi namn på dyr alt på 1700-talet, noko som aukar på utover på 1800-talet.

Eg gjekk gjennom alle skifte frå Austre Vikebygd (i noverande Ølen kommune) i gamle Fjelberg prestegjeld, Fjære og Fjelberg skipreide frå 1660 til 1850, og skreiv ned alle namna. Det var ikkje før i 1750 at namn vart noterte i tillegg til skildring av dyra. I byrjinga var berre nokre få kyr nemnde med namn i kvart skifte. Etter kvart kom geitene i 1760-åra, og til slutt sauene i 1780-åra. Hestane vart aldri namngjevne.

Mellom 1760 og 1845 er stort sett alle vaksne dyr i brukarskifte nemnde med namn. Husmannskifta har sjeldan oppgjeve namn på sauer og geiter, men kunamna er nedskrivne omlag som hjå brukarane.

Eg fann skifte frå alle 14 namnegardane og frå dei fleste bruka i bygda, samt frå storparten av dei større plassane.

Tabell 1. Talet på skifte, og namn pr. skifte i fire bolkar (gjennomsnitt)

	1760-80		1781-1800		1801-20		1821-45	
Kyr	17	4,9	20	4,4	35	3	22	3,3
Geit	13	3,9	12	4,8	12	5,8	8	6,6
Sau/verar	1	1	4	9	7	7,6	12	7,3

Tabell 2. Namnefordeling i fem tidsbolkar

	1750-59	1760-80	1781-1800	1801-20	1821-45
Kyr	5	78	87	107	72
Geit	-	51	58	68	53

Sau	-	1	37	43	65
Ver	-	-	-	10	20

I og med at ein har skifte frå så mange bruk og plassar i dei ulike periodane, og så mange namn i kvar bolck, må ein kunne seia at namna skulle gi eit godt innblikk i namneskikken i bygda, dvs. for ku- og geitenamn frå 1760-åra og sauename frå 1780-åra og fram til 1845. Då sviktar skifta som kjelde i så måte. Namnesamlinga innheld 756 namn totalt – 354 ulike. Men det er eit skilje mellom dyreslaga. Kyrne har 111 ulike namn av 349 (32%), geitene 121 av 230 (53%), sauene 93 av 146 (65%), verane 28 av 30 (95%). (Det vesle spriket mellom desse tala og tala i namnelista bak skuldast litt variasjon i skrivinga av namna.)

Den store mangfaldet i sauename kjem vel kanskje av at saueflokkane var større i kvart skifte (tabell 1) – dei måtte difor finna på fleire namn. Skiljet mellom kyr og geiter kan ikkje forklarast slik, då i alle høve gjennomsnittet er om lag likt. Men det fanst enkelte store geiteflokkar, sjølv om ikkje det forklarar alt.

Namnesamlinga viser kor nøye folk har halde namna frå kvarandre. Med det meiner eg at bygdefolket skilde strengt mellom personnamn, kunamn, geitenamn, sauename og vernamn. Eg har berre notert eit ku- og geitenamn felles: *Blekside*. Ein del av denne ulikskapen kjem vel av seg sjølv av di kunamna er sterkt bundne i andreleken (jf. *rei*-endinga i namna under). Men likefullt er det påfallande kor konsekvente dei var. Eg finn ingen like sau- og geitenamn, heller ingen sau- og vernamn.

Det kan sjå ut til at geitene var meir namna etter utsjånad (farge og kroppsform), og sauene meir etter eigenskapar og utsjånad på hovudet. Det er berre tendensar eg kan sjå, utan å ha gått nærare inn i materialet.

Samlinga viser ei variasjonslyst som langt overgår behovet for å skilja dyra frå kvarandre. Bygdefolket må rett og slett ha hatt stor glede av å finna på finurlege og særprega namn på dyra sine. Dei hadde ein ordrikdom og ei nyanseringsglede som våre dagars bønder burde læra noko av. Det er ikkje bygdekjerringane eller kongelege som vart kunamn i førre hundreåret (jf. Kruken). Men tre unnatak er det: *Presten*, *Klokkaren* og *Kappelainen*. Dette var namna på verar på ein gard der sonen hadde uekte barn med tre ulike kvinner (funn frå kyrkjeboka). Det skal ikkje mykje fantasi til for å kobla desse namna til kyrkjas tukt av for fyrig ungdom. Ein herleg og grusom hemn (*Presten* var til og med gjeldver) som kanskje fortel ein del om folks forhold til prestskapet – i alle høve på den garden.

I namna kjem det til syne ei rekkje med dialektord. Men for å få fullt utbytte må ein nok ha ei nøye tolking ved hjelp av ordbøker, samt kjennskap til dialekten.

Skrivemåten i skifta er vaklande. Nokre namn er noterte beint fram som *Skjødna* (dial. for *Stjerna*), *Hødnå*, *Kodle*, *Spiotrei*. Anten har ikkje skrivarane skjøna dialekten og måtta vore nøydd til å skriva lydrett, eller så har han vore redd for å framandgjera namna ved å fordanska dei. Andre namn er sterkt fordanska som t.d. *Hviidekol*, *Sortside*, *Blegside*, *Kerlingen* og *Korpen*. Skrivemåten i namnelistene under er difor ei herleg blanding av pære danske former, meir normaliserte former og dialektuttale. Å gå nærare inn for eit fast system her, ser eg som lite fruktbart i denne artikkelen. Namneformene slik som dei står no, avspeglar bra slik vi finn dei i skifta, men variantane i det enkelte namnet er fjerna. Sauenamnet *Flisen* (10 gonger) er skriva som *Flisen*, *Fliesen*, *Flisa*, *Flesen* i kjelda. Eg har då valt det mest brukte, altså *Flisen*. Eit namn er skriva som *Spyodtrei*. Eg oppfattar det som ein skrivemåte av *Spiotrei* som eg også fann. Eg har difor utelate det førstnemnde. Noko for seg er *Rekkesnor*. Slik var det skriva i 1815, 1820, 1826 og 1827. I 1801 finn eg *Rukkesnor*, og i 1796 *Rekkjesnor*. Eg har lagt alle desse under *Rekkesnor*. Særleg det i 1801 eva eg med i så måte. Elles har eg prøvd å spegla att ulike skrivemåtar i namneformene under med å setja ein bokstav i parantes t.d. *Dy(r)rei*, *Fa(e)ngrei*. Eg har altså funne *Dyrrei* og *Dyrei*, *Fangrei* og *Fengrei*. Om det tyder det same, kan vera uvisst. Eg vil helst oppfatta det slik.

Ein annan type vakling finn vi i endingane. Dei varierer med *-e*, *-en*, *-a*, *-å* og *-o*. Eg vil ikkje påta meg å forklara skrivarane sine motiv og grunnar for vala, sjølv om det nok kan vera interessant. Noko skuldast sjølv sagt oppfatninga av kva grammatisk kjønn dyrenemnet skal ha. Mest underleg er det med sauen som både har maskulinending *-en* og feminine *-o*, *-å*. Kanskje er *-en* ei fordansking? (Jf. *Flisen* over.) Eg har stort sett halde endingane slik vi finn dei i skifta, men når same namn har ulike endingar, har eg valt den mest brukte.

I namna med *o*-ending slår eit viktig dialekttrekk igjennom. Eg har prøvd å halda på desse formene, t.d. *Morto*, *Kollo*, *Broko* og *Jallo*. Nokre gonger viser uttalen /å/ seg i kjelda som *-aa*: *Englaa*, *Stroklaa*. *O*- og *å*-variasjonen er interessant reint språkhistorisk. Skrivemåten på desse namna kan faktisk brukast til å finna endringar i isoglossar. *O*-uttalen som avspeglar seg i namna der ein no ville brukt /å/-uttale, tyder på at *å*-endinga har flytta seg lenger nord. Dessutan finn eg skrivemåten *bn* for noverande /vn/. Uttalen /bn/ finn vi i våre dagar lenger mot vest (Bømlo).

Namna under fylgjer tradisjonelt oppsett etter frekvens.

### **Kunamn**

- 25 gonger Sortside
- 22 g Rødside
- 17 g Hoprei
- 13 g Plomrei
- 12 g Brunside
- 11 g Skauta
- 10 g Brandrei, Gråside, Skjønrei
- 9 g Dalrei, Drivrei, Duvrei, Dy(r)rei, Løvrei, Spongrei
- 7 g Hjertrei, Lokrei
- 6 g Beltrei, Morkrei
- 5 g Blomrei, Knaprei, Somrei
- 4 g Burei, Fagrei, Grima, Salrei, Skautrei
- 3 g Brunskaute, Dryrei, Dugrei, Fengrei, Gråskaute, Skogrei, Spiotrei
- 2 g Blekrei, Blirei, Brandside, Brunrei, Dagrei, Fa(e)ngrei, Fieldrei, Gierrei, (H)jortrei, Juulrei, Kolrei, Kurei, Kvitkoll, Mildrei, Ringrei, Rosrei, Smeitrei, Sortkua, Spa(o)ngrei, Spielrei, Terna
- 1 g Biorei, Blekside, Blåhals, Blåside, Branda, Dysrei, Fægrei, Felen, Fiesrei, Flekrei, Forrei, Fredrei, Godtrei, Grinrei, Gråkolle, Hardrei, Hovrei, Kin(d)rei, Kodlen, Knoprei, Krosrei, Kvitekua, Langrei, Lillesortside, Linken, Litraute, Lokrerei, Lubse, Magrei, Markrei, Mariko, Meelrei, Morrei, Mundrei, Netrei, Reykrei, Rigela, Rødkolle, Rødskaute, Rødspøge, Selerei, Sjørei, Skinnrei, Skolrei, Skurrei, Snorei, Snørei, Sorttrauta, Sortskaute, Souta, Stohlrei, Stølrei, Søndrei, Tangrei, Toumlette, Toppen

### **Geitenamn**

- 14 g Gjora
- 10 g Åle
- 9 g Touma, Skinke
- 8 g Dal(le)ros
- 7 g Blågjore, Springelin, Net(t)elin
- 6 g Rekkesor, Salgjor
- 5 g Rabnen, Gulgjore
- 4 g Blådue, Skjødnå
- 3 g Blegside, Borkåle, Danmark, Flågeros, Loppe, Pengeros, Skjørnås, Springeros, Skinde

- 2 g Beltelin, Blåfrue, Blåue, Blåmule, Fieldfrue, Fieldros, Fingerfia, Gul-  
fjør, Kamben, Knipperos, Kolfoe, Løkle, Raggelin, Rose, Roseline,  
Skjønnås, Temperos, Trøielin
- 1 g Allkvite, Askelin, Beiteåle, Belte, Bleglin, Blegåle, Blikka, Blæksi,  
Blådna, Blåene, Blågås, Blåhalm, Blåima, Blåline, Blåmuske,  
Blånamnd, Bordåle, Bræko, Dåselin, Fingerhøved, Gierros, Grågjore,  
Grågås, Guldgjør, Gulline, Gulåle, Heggelin, Ima, Kiernamnd,  
Kiernos, Klyveline, Knotelin, Kornåt, Krala, Kriupa, Krita, Kvita,  
Kvitelin, Kåba, Lamnos, Lemperos, Lillegjora, Lysåla, Muske, Norie,  
Pengeline, Prikkelin, Prikkelnos, Pengerei, Pegeros, Peta, Rypa,  
Siggerlin, Silkelin, Skjønlín, Skogeroe, Skogeros, Skåla, Sminka,  
Snakke, Snuskaa, Solfri, Sprakla, Sprekelin, Sprigla, Stiksa, Stomla,  
Storeblådne, Sækka, Sølvrei, Sølvferline, Sølvbelte, Søkåle, Taklenos,  
Tinna, Tisbe, Trøie, Tærne, Åske, Åskeline

### Sauenamn

- 13 g Rødkrone
- 10 g Flisen
- 9 g Mosen
- 8 g Flekøre
- 5 g Terna
- 3 g Englå, Fru(ø)klo, Langerompa, Svarta
- 2 g Bliøy, Kiselinken, Prinsessen, Silkedokka, Subøra
- 1 g Bankeskallen, Broko, Brura, Brusa, Dikka, Dilla, Dokka, Dufva,  
Dukke, Dåsen, Flergenås, Framnes, Fraken, Guldahlen, Gullkrone,  
Grådda, Gråringen, Halam, Hødna, Høna, Jallo, Kakkell, Klampen,  
Knørlla, Kollo, Kolgloe, Korpen, Kruska, Kråka, Kvitelua,  
Kviterompa, Kvitsauged, Kvitsøy, Kærlingen, Lema, Lillelara,  
Lortelår, Lyren, Maria, Morto, Meldokka, Melledokka, Nisa, Pyrio,  
Rabbensa, Rabbo, Reiko, Ringøyga, Roso, Rypa, Rødetafsa, Rubensa,  
Sikka, Skjora, Skruhøna, Skrusau, Skruo, Skuden, Skvaldro,  
Slangerumpa, Slango, Slokøye, Slettedå, Smaløre, Smarta, Smed-  
rumpa, Sniiken, Sniito, Snella, Snika, Somo, Sortøra, Stroklå,  
Stubøre, Studøer, Svana, Svineksen, Viba, Vraga

### Vernamn

- 2 g Kransen(gjeldver), Lavøre
- 1 g Belangsen, Bjellevæderen, Blien, Blindingen, Breilabben, Brinkmand,  
Brudgommen, Englovæderen, Engelskmannen, Fooklo (gjeldver),  
Hedningen, Jatten, Jækelen, Kappelainen, Klokkeren, Kokken

(gjeldver), Kronhjorten (gjeldver), Kårren (gjeldver), Langerompa, Pallen, Presten (gjeldver), Stubøringen (gjeldver), Subberumpen, Sylen, Uldokosen, Tronde

### **Kjelder**

Kyrkjebok for presten, Fjelberg 1739–1861.

Skifteprotokoll IV A.a. 1–13 1668–1819 (Sunnhordland).

Skifteprotokoll IV A.d. 1–6 1808–1853 (Føyen, Fjære og Våg).

Skifteprotokoll IV A.e. 1–4 1819-1859 (Skånevik, Etne, Fjelberg, Kvinnherad).

### **Litteratur**

Karbø, Asbjørn og Kristoffer Kruken, 1991: *Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg*. Oslo.

Karbø, Asbjørn og Kristoffer Kruken, 1994: *Blåmann og Lykle. Norske geitenamn*. Oslo.

(Eg viser elles til vidare litteratur hjå Karbø og Kruken.)

Øyvind Nagell Bjordal  
[ulshraun@online.no](mailto:ulshraun@online.no)

## **DEN NEST BESTE INFORMANTEN**

### **En stedsnavninnsamlers erfaring**

Det går ikke alltid slik en hadde tenkt her i livet. Uante overraskelser og hindringer kan brått komme på. De oppsatte planene må endres, og en tvinges til å tenke nytt. Imidlertid hender det at ubehagelige overraskelser på kort sikt kan tjene som nyttig lærdom på lengre sikt. En slik ny erfaring vil jeg fortelle om her.

Jeg hadde foretatt en ordinær innsamling av stedsnavnene på et helt alminnelig, sørøstnorsk gardsbruk. Noen navneinnsamling hadde aldri vært foretatt der tidligere; skolebarnslistene fantes heller ikke. Som informanter brukte jeg to brødre som var oppvokst på garden. La meg kalle dem for Per og Pål. Per er odelsgutten, overtok garden tidlig, er nå midt i 70-årene, og har bodd heime nesten hele livet. Pål er i slutten av 60-årene. Han flytta heimefra i ung alder, fikk arbeid i jernbanen, og har i det meste av sitt voksne liv bodd i hovedstaden. Pål var på feriebesøk hos eldstebroren da jeg møtte dem.

Denne garden har vært i slektens eie i flere hundre år. Det var lett å få samla et rikt og stort tilfang av navn. Naturlig nok var det Per som hadde de beste og sikreste kunnskapene, selv om også Pål var en utmerket heimelsmann. Per måtte altså regnes som den beste informanten, også med tanke på talemålet. Pål måtte regnes som den nest beste informanten.

Nå satt jeg sammen med disse to. Navnene hadde jeg fått samla og skrevet ned på ei liste. Det neste jeg tenkte å gjøre, var å få Per til å lese inn navnene fra lista på lydband. Jeg ville bruke den vanlige framgangsmåten: den beste informanten leser hvert navn to ganger etter hverandre. Men: det lot seg ikke gjennomføre. Per var nemlig de siste årene blitt altfor synshemmet. Da var det at jeg fant på å gjøre noe jeg aldri hadde prøvd før: Jeg lot Pål, den nest beste informanten, lese opp navnene fra lista, men slik at han bare sier navnet én gang. Deretter lot jeg Per, den beste informanten, repetere hvert enkelt navn som han hørte bli lest opp. Per fikk da beskjed om å repetere navnet med den uttalen han selv mener er den mest ekte. Dersom navnet var spesielt, eller det var tvil eller uttaleavvik mellom de to, lot jeg Per si navnet en ekstra gang.

Erfaringene med denne måten å organisere lydbandopptaket var på alle måter svært gode. Ved å la den beste informanten være repetitør, ikke oppleser, unngår en at denne blir forstyrret av skriftbildet. Talesituasjonen blir mer naturlig og psykologisk gunstig. Det blir lettere å få tak i den ekte uttalen. Hvis oppleseren, som her, har en østnorsk dialekt, vil en uttale fra skriftlig opplesing gjerne føre til at ikke alle retrofleksene kommer med slik de skal. Ved å bruke den beste informanten som repetitør unngår en i stor grad denne feilkilden. En annen fordel med framgangsmåten er at opptaket inneholder uttalen fra to forskjellige informanter.

\* \* \*

Seinsommeren 2000 var jeg på et lite feltarbeid i Sunnhordland sammen med kollegene Ole-Jørgen Johannessen og Kjell Erik Steinbru. Jeg foreslo for dem å gjøre lydbandopptaket på samme måten, og møtte ingen motforestillinger, bare velvilje. Sønnen på garden leste navnet én gang; mor hans, den beste informanten, repeterte uten manuskript. Jeg tror også de to kollegene mine synes at denne framgangsmåten kan være grei å bruke i mange tilfeller.

\* \* \*



Det går ikke alltid slik en hadde tenkt når en skal få kjentfolk til å lese inn stedsnavn fra ei navneliste. Ikke alltid er det den mest ekte uttalen som blir lest inn. Ved nærmere undersøkelser kan det vise seg at innlesningen ikke er foretatt av de beste informantene. Om en oppdager slike 'feil' i et arkivert materiale, vil det være et opplagt behov for en korrigerende kvalitets-sikring i etterkant, noe også forskningsinstitusjonene burde være interesserte i. De opptakene som allerede er gjort, og som ikke helt holder mål, kan da gjøre god nytte som et foreløpig hjelpemiddel tilsvarende 'den nest beste informanten'. Nytt opptak kan organiseres på denne måten:

1. En tar med seg avspillingsutstyr og innspillingsutstyr til de beste informantene.
2. Opptaket med 'sekundainformanter' avspilles for de beste informantene.
3. De beste informantene repeterer det de hører (slik som beskrevet).

I handboka *Innføring i stadnamn* (1997) skriver Peter Hallaråker (s. 84) at all erfaring viser at det største problemet en har, er å få innleserne til å frigjøre seg fra en eller annen normert uttale eller bokuttale. Den framgangsmåten jeg her har beskrevet, vil helt klart gjøre dette problemet mindre. La meg ellers få sagt at Hallaråkers bok inneholder mange gode råd og vink om navneinnsamling og arbeid med informanter. Blant annet påpeker Hallaråker at en kombinasjon av innlesing av navnene med intervju kan være særlig nyttig. En kan da reservere A-sida på kassetten for innlesingen og B-sida til intervju om de innleste navnene. En liten samtale om navn på kassetten koster lite ekstra, men den gir ofte store gevinster tilbake. For alle som vil ha en kortfattet og lettlest innføring, er Botolv Hellelands lille grønne hefte "Innsamling av stadnamn. Rettleiing" blitt en klassiker. Her finner vi, blant mye annet, gode råd om hvordan en kan ta navnene opp på lydband. Heftet, som foreligger på begge målformer, kan fås ved henvendelse til Seksjon for namnegransking i Oslo. Et annet nyttig bokverk for navneinnsamlere er Ola Stemshaugs handbok *Språkleg tradisjon* (1978). I denne finnes et kapittel "Heimelsmenn", som burde være nesten obligatorisk lesning for alle som vil gå i gang med innsamling av stedsnavn.

Vidar Haslum  
[vidar.haslum@nor.uib.no](mailto:vidar.haslum@nor.uib.no)

**ÅKNE – EIT SJELDSYNT MANNNAMN**

Namnet *Åkne* er kjent berre i éi skriven kjelde (Vinje i Telemark 1712, Berge 245). Elles stend det i eit patronymikon *Olav Åkneson* i hovudopp-skriftene av Draumkvædet (NMB I, 115–128 og Blom og Bø 104–114).

Me går ut frå at namnet *Åkne* er ei målføreform – meir eller mindre omlaga i målvoksteren. Sekvensen *åk* kan vera resultat av *l*-bortfall < \**alk-*. Fyrste lekken kunne vera norr. *al-* og nno. *ål-* 'heil, all igjennom', og siste lekken skulle då ta til med *kn*; i so fall er det vanskeleg å finna ord eller morfem som høver. Vokal i mellomstaving kan ha falle ut, og då er siste lekken kanskje norr. \**kunni* m. eller *kunningi* m., nno. *kunne* (*kunni* Bugge 39) og *kunngje* (-*gji* s.st. 45) 'kjenning'. Forma *kunne* er ei substantivering av *kunnr* adj. 'kunnig, kjend; vis'. *Åkne* kan gå attende på \**alkunni* m. 'den ålkjende', jf. norr. *al-kunnr* eller *al-kunnigr* adj. 'ålment kjend, ålkjend' (Aasen og Heggstad), eller kanskje *alkunnr* ogso tyder 'svært vis, ålvis' her, og då skulle \**alkunni* tyda 'den ålwise'. Landstad gjev opp formene *Oknison* eller *Åknison* (67). Det kan tyda på at vokalen har vore ò – vanleg i målføret her – t.d. *vòtt*, *skòt*, *vòre*; *å* < *á* går i vesttelemål gjerne over til ò ved forkorting framfor tvifeld konsonant, jf. *Ásmund-* > *Òsmonn*.

I ei slik samansetjing, som den me har her, er det kanskje ikkje uventa at ei mellomstaving fell ut, og voksteren er anten \**alkunni* > \**alkne* > *åkne* / *òkne* eller \**alkunni* > \**åkunne* > *åkne* / *òkne*.

At Olav, sjåaren i Draumkvædet, skulle vera son av 'den ålkjende' eller 'den ålwise' skulle gje god meining.

## Litteratur

Berge, Rikard: *Vinje og Rauland I*. Stavanger 1973.

Blom, Aadel og Bø, Olav: *Norske balladar* i oppskrifter frå 1800-talet. Oslo 1973.

Bugge, Sophus: *Gamle norske folkeviser*. Chra 1858.

Heggstad, Leiv o. fl.: *Norrøn ordbok*. Oslo 1990.

Landstad M. B.: *Norske folkeviser*. Chra 1853.

NMB = *Norske mellomalderballadar I*. Oslo 1982.

Aasen, Ivar: *Norsk Ordbog*. Kra 1873.

Magne Myhren

[magne.myhren@inl.uio.no](mailto:magne.myhren@inl.uio.no)

I 1984 skreiv eg ein artikkel i Årbok for Fosen om ”Svalgraset. Eit botanisk stadnamn på Hitra”. Eg hevda der at namnet må vera identisk med plantenamnet *svalgras*, som offisielt heiter *sverdliilje* (*Iris pseudacorus* L.). Ove Arbo Høeg nemner i ”Planter og tradisjon” (1974) plantenamnet *svalgras* frå Vemundvik (N-Trl) og Velfjord (Nordl). Planta har fått namn etter dei sverdliknande blada, og førsteleddet sval- kjem av ordet *sverd*. Lydsambandet *-erd* (gno. *-erð*) har normalt utvikla seg til */-a 'q/* i trøndermåla. Kjente døme er */fa 'q/* og */va 'q/*, som tilsvarar *ferd* og *verd*. Vi veit også at *sverd* tidlegare har vorte uttala */sva 'q/* i trøndsk.

Svalgraset på Hitra (S-Trl) må opphavleg ha vore eit naturnamn, som på 1800-talet har gått over til bustadnamn. Bruket er ikkje nemnt i folketeljinga frå 1801. I same artikkelen omtala eg namnet *Sva(l)grasholan* frå Åfjord (S-Trl), som ganske sikkert har same opphav. Før området vart tørrlagt, var det ein fuktig og høveleg voksterplass for sverdliiljer.

Med utgangspunkt i denne artikkelen har Kristoffer Kruken drøfta namnet *Svalbakkheia* i Leksvik (N-Trl). Kruken meiner *\*Svalbakkan* kan vera ei elliptisk laging til *\*Svalgrasbakkan*. Dette kan ikkje provast, men andre tolkingsforsøk verkar etter mitt syn mindre rimelege.

Seinare har Tor Erik Jenstad gjort meg kjent med myrnamnet *Svalgraset* på Straumsneset (MogR) på Nordmøre. Dette namnet vart oppskrive i 1991 etter heimelsmannen Olav Einset (f. 1912) og er kartfesta på ØK-bladet Øygarden (BK 117-5-4). Uttalen skal vera */sva 'qgra 'se/*. Akkurat som i bustadnamnet Svalgraset på Hitra. Det kan da heller ikkje vera tvil om at namna har same opphav. Den kakuminale (tjukke) *l*-lyden i namnet kan synast problematisk, da Nordmøre (unnateke Aure og Smøla) normalt ikkje har tjukk *l* av gno. *rð*. Noko avgjerande hinder er dette likevel ikkje. På Nordmøre finst mange unntak frå regelen. Frå straumsnesmålet kjenner vi ordet *utburd* (av gno *útburðr*) med uttalen */u'tbo'q/*, og reiskapsnemninga *ard* m. (gno. *arðr*) blir visst uttala med tjukk *l* over heile Nordmøre. (Jf. Taftø 1977 s. 47). I *Sunnalsmålet* (s. 90) nemner Tor Erik Jenstad fleire døme på kakuminal *l*-lyd i ord med opphavleg *rð*.

Stadnamnet *Svalgraset* på Straumsneset er eit språkleg kulturminne, som gir oss ny ordgeografisk kunnskap. Utan dette myrnamnet ville vi neppe visst at plantenamnet *svalgras* (sverdliilje) har vore kjent på Nordmøre. (Eg går da ut i frå at plantenamnet er ukjent i dag, men tek gjerne i mot korrigering.) Nordmøre er sannsynlegvis ein utkant i utbreiingsvaldet til plantenamnet *svalgras*, som ser ut til å ha stått sterkast i Trøndelag. Dette kan også ha medverka til at namnet har spora av i uttalen og fått tjukk *l* i staden for dental. Eit eldre namn på denne planta i Fosenbygdene (S-Trl) og

på Nordmøre ser ut til å ha vore *mækje* (med uttalevariantar). Denne nemninga har samanheng med gno. *mækir* m. 'sverd' (sjå Aune 1984).

Bustadnamnet *Gullgraset*, skrive *Gullgresset* på Storfosna (Ørland, S-Trl) er ein språkleg parallell til Svalgraset. Her har det vore husmannsplass sia 1820 og sjølveigarbruk frå 1927 (Rian 1986 s. 100). Plantenamnet \**gullgras* er ikkje registrert hos Arbo Høeg (1974), men kan nok likevel ha funnest. I så fall kunne namnet *Gullgraset* tolkast som 'voksterplass for gullgras' og vera ein fullstendig parallell til Svalgraset.

Både på Nordmøre og i Trøndelag har det vore vanleg å snakke om *gull* i tydinga *blomst* ('goljl på våljla'). Dersom vi tolkar førsteleddet slik, vil ei samansetjing med *-gras* i tydinga 'beite, hamn' gi god meining. Namneleddet *Gull-* kan elles ha rosande tyding. Slik som i åkernamnet *Gullmælingen* (god kornjord), og kanskje skal *Gullgraset* (fin grasmark) og *Gullteigen* (eit anna bruksnamn på Ørlandet) tolkast på same måten. Eller kanskje er det nokon som kjenner plantenamnet gullgras?

Kolbjørn Aune

[kolbjorn.aune@hemne.kommune.no](mailto:kolbjorn.aune@hemne.kommune.no)

## Litteratur

- Aune, Kolbjørn, 1984: Svalgraset. Eit botanisk stadnamn på Hitra. I: *Årbok for Fosen*, s. 43–46.
- Høeg, Ove Arbo, 1974: *Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925–1973*. Oslo–Bergen–Tromsø.
- Jenstad, Tor Erik, 1985: *Sunnalsmålet. Eit grensemål på indre Nordmøre*. Norske studiar IV. Oslo.
- Kruken, Kristoffer, 1992: *Svalbakkan og \*Svalbakkheia*. I: *Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1992*, s. 42–45.
- NG XIV = Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne. Opplysninger samlede til Matrikelens Revision. Søndre Trondhjems Amt*. Kristiania 1901.
- Rian, Inge, 1986: *Ørlandsboka I. Fra Kråkvåg til Flatnes*. Orkanger.
- Taftø, Jøstein, 1977: Ard og plog. Nemningsbruk frå trøndsk språkområde. I: *Årbok for Trøndelag 1977*, s. 41–59.

## KVA FOR STADNAMN BRUKER RUSSARANE PÅ SVALBARD?

Med økonomisk støtte frå Roald Amundsens senter for arktisk forskning var vi i siste halvdel av juli på Svalbard for å undersøke kva for stadnamn russarane i Barentsburg brukte på fjell, fjordar, brear osv. i nærområdet sitt. Det bur ca. 900 personar i Barentsburg, og ettersom det er ein gruveby, er det atskillig fleire menn enn kvinner der. Dei fleste kjem frå Russland, men også Ukraina er godt representert.

Før vi begynte på namneundersøkinga, fann vi det riktig å oppsøke det russiske konsulatet. Vi vart tatt godt imot og servert te og kaker. I tillegg til konsulen, A. N. Burlakov, deltok det ein sekretær under dette teselskapet. Dei fann prosjektet vårt interessant og hadde ingen innvendingar mot at vi skulle gjøra intervjuundersøkingar i Barentsburg.

Det viste seg snart at den mest gunstige staden å komma i prat med russarar, var eit flatt tak over ein murbygning i den bratte bakken ned mot hamna. Denne ”plattforma” låg sentralt til, dvs. like ved kantina og bakeriet. Frå bakkenivå kunne ein via ei lita trapp komma opp på plattformen (ca. 40 x 30 m.) som på folkemunne heitte *televizor* (russisk ord for *fjernsynsapparat*). Her vandra nemlig russarane omkring – eller stod stille – mens dei såg utover Grønfjorden og fjella på den andre sida: Ville det dukke opp noko interessant på ”TV-ruta”, ein fremmend båt – eller kanskje ein isbjørn på andre sida av fjorden?

Vi fekk raskt kontakt med mange russarar på denne ”plattforma”. Dei hadde ikkje noko imot å bli intervjuet, og – overraskande nok – heller ikkje imot at vi tok opp samtalen på lydband. (Russarar har jo tradisjonelt vori noko skeptiske til å bli festa på lydband.) Somme av intervjuet førte dessutan til invitasjonar privat i Barentsburg. Under intervjuet tok vi utgangspunkt i eit spørjeskjema som vi hadde utarbeidd, og viste fram gode flyfoto av Barentsburg-området (foto vi hadde fått frå Polarinstituttet i Tromsø). Russarane skulle så skrive ned namn på stader vi hadde merkt av med spørsmålsteikn, t.d. fjelltoppar og fjordar. Dermed kunne vi få eit visst inntrykk av ”namnekompetansen” deira.

### Nokre vitskaplege resultat

Det spørsmålet vi stilte oss før vi kom til Barentsburg, var: Er russarane ”lojale” mot norsk namngiving, dvs. bruker dei namn som står på norske kart (jf. alternativ A nedafor)? Eller bruker dei namn som ikkje kan relateras til dei ”offisielle” norske namna (alternativ C)? Eller følgjer dei kanskje ein kompromiss-strategi (alternativ B)? I utgangspunktet kunne ein altså tenkje seg desse strategiane:

- A. Overføring av det norske namnet til russisk lydsystem (*Grønffjorden* > *Gronfiorden*)<sup>1</sup>
- B. Omsetjing til russisk av dei norske ledda i namnet (*Grønffjorden* > *Zeljännij zaliv*)
- C. Eit heilt anna russisk namn som ikkje kan relateras til det norske *Grønffjorden*

Vi intervjuar ca. 35 personar (litt fleire menn enn kvinner) for å finna ut kva for namn russarane brukte på fjell, fjordar, dalar, brear osv. rundt Barentsburg. Vi kunne gjerne ha intervjuar fleire, men alt på eit tidlig stadium avteikna det seg eit tydelig mønster:

*Alternativ A var det dominerande, alternativ B ikkje-eksisterande og C svært sjeldan.*

---

<sup>1</sup> Vi legg her til grunn ei ”popularisert” atgiving på russisk. Det kunne dessutan vera nyansar i uttalen, men vi held oss her til berre å gi att eitt alternativ også i dei tilfella vi kunne høre variantar.

### **Alternativ A (norske namn med russisk uttale)**

Det vanlige mønsteret var at russarane var lojale mot norsk namngiving. Dei sa t.d. *Isfjård*, *Gronfjård* og *Grondalen* (her vist med ”popularisert” norsk lydattgiving). Som ein kunne vente, var dei likevel ikkje så ”lojale” at dei anstrengte seg for å gi att korrekt særnorske lydar som *ø* og *æ*. Dei sa såleis *Gronfjård* og *Grondalen* – og brukte altså ikkje lyden *ø*, som ikkje fins i det russiske lydsystemet. Elles var det interessant å høre at dei ”delte” ei samansetning som *Finneset* (1 km lenger inn i Grøn fjorden) på ein annan måte enn nordmenn: Dei sa *Finne-set*, mens nordmenn oppfattar dette namnet som samansett at *Finn+neset*. Russarane hadde også ein nokså spesiell uttale av *Longyarbyen*: *Lånn-gir* (med trykk på siste staving). Lyden *ng* (som i *lang*) fins ikkje i russisk, og den russiske uttalen kan altså forklarast ut frå dette.

Fjellet *Olavsvarden* like ved Barentsburg hadde dei fleste eit forhold til, og mange av dei hadde også vori oppe på denne toppen. Dette fjellet kalla dei ganske enkelt *Olaf* – aldri *Olavsvarden*. Det interessante var at somme av dei trudde at toppen var oppkalla etter kong Olav – og på russisk blir namnet hans uttalt *Olaf*. I russisk blir nemlig *v* til *f* i utlyd, mens ein i russisk ortografi held på *v* (jf. t.d. *Smirnov* – som overført til Vesten kan få eit ”lydrett” skriftbilde – jf. vodkaen *Smirnoff*).

### **Alternativ B (omsetjingslån)**

Det var ingen stader i området rundt Barentsburg som hadde namn av denne typen. Men frå gammalt av fins det nokre andre stader i Svalbard-området som høyrer til denne namnetypen, t.d. *Medvezhij Ostrov* (omsetjingslån av *Bjørnøya*).

I samtale med russiske vitskapsfolk, t.d. geologar og glasiologar, fekk vi dessutan høre at dei ikkje såg nokon vits i å bruke eigne russiske namn, dvs. alternativ B og C. Kommunikasjonen med fagfolk frå andre land ville da by på problem. Interessant nok kom det ikkje fram synspunkt som hevda russisk ”hegemoni” på dette feltet, dvs. at russarane skulle ha sine eigne stadnamn. Som kjent har det innimellom vori framstøt for å hevde russiske interesser i andre samanhengar på Svalbard – i det siste at russiske oppsynsskip (ikkje norske) skal kontrollere russiske fiskebåtar utafor Svalbard. Men vi opplevde altså ikkje framstøt for russisk ”namnehegemoni”.

### **Alternativ C (namn som ikkje kan relaterast til det norske namnet)**

Dette alternativet var sjeldan brukt i området rundt Barentsburg. Eit fjell dei aller fleste visste namnet på, var *Den sovande riddar* (på russisk *spjasjij*

*rytsar*), som låg på andre sida av Grønfjorden. Dette var såleis eit samanlikningsnamn. (Ein parallell til dette namnet har vi forresten i Balsfjord i Troms i fjellnamnet *Den sovande soldat*, som til liks med det russiske namnet er eit uoffisielt namn – og dermed ikkje står på kartet.) Mange av russarane fortalde oss at likskapen med andletsprofilen til ein sovande riddar var enda tydeligare når fjellet var dekt med snø om vinteren. Det kunne ha vori interessant å finna ut når dette namnet var tatt i bruk. Folk som hadde hatt fleire opphald i Barentsburg, kjente til namnet alt frå 1950-åra. Namnet har altså vorti tatt i bruk i ”kommunistisk” tid, og ein kan gjerne spørja seg korleis eit så poetisk og ”borgarlig” namn kunne oppstå under kommunismen. Og ein finn ikkje det russiske ordet for *ridder* i ordboka *A Russian-English Dictionary* av Lapidus og Shevtsova (ca. 11 000 ord) utgitt i Moskva i 1962.

Elles var det svært få stader rundt Barentsburg med namn av type C. Ute på Kapp Heer (ca. 5 km lenger ut i Grønfjorden) hadde russarane etter kvart bygd opp eit stort kompleks, bl.a. ein helikopterbase. På russisk heitte dette komplekset ikkje *Kapp Heer*, men berre *GRE* (som var ei forkorting for *Geologitsjeskaja Razvedotsjnaja Ekspeditsija*, dvs. ”Den geologiske undersøkingsekspedisjon”). Det var forresten her ute Jon Michelet vandra omkring nokre dagar i juli 1975, og det er nok delvis inntrykk herifrå som ligg til grunn for spenningsromanen *Orions belte* (også som film).

Ca. 1 km lenger inn i Grønfjorden ligg det ei ”inspeksjonshytte” som høerer til Sysselmannskontoret i Longyearbyen. Hytta – og neset nedafor – kallar russarane *Norvezhkaja kosa*, dvs. ”Norskneset”. (*Kosa* tyder egentlig ’hårflette’, men kan i utvida tyding bety ’nes, sandbanke’.) *Norskneset* er ikkje det offisielle norske namnet på denne lokaliteten, og det er heller ikkje ”uoffisielt” brukt av nordmenn.

Dei fleste russarane er berre kort tid i Barentsburg (ca. 2 år). Dermed kunne ein kanskje tru at dei ikkje var særlig interessert i å lære seg kva fjell og fjordar rundt Barentsburg heitte, men vi vart overraska over at mange av dei hadde god namnekunnskap.

### **Namnefaglige utfordringar på Svalbard**

Under opphaldet i Barentsburg vart vi kjent med fleire av russarane som har drivi med forskning på Svalbard, bl.a. geologar og glasiologar. Veteranen blant desse er glasiologen Jevgenij Zinger, som fylte 75 år akkurat da vi var i Barentsburg. Han har skrivi mange artiklar om breane på Svalbard (nokre av dei også på engelsk). Som ein kuriositet kan det nemnas at han ymta frampå om vi overfor norske myndigheiter kunne framføre eit ønske



frå han om å setta ”namnespor” etter seg på Svalbard, dvs. å få ein bre oppkalla etter seg.

Det var problematisk for oss å få utlevert russiske kart over Svalbard - både historiske kart og kart frå dei siste tiåra. På dette feltet heng russarane ennå fast i hemmelighald frå den kalde krigen. Ein av dei geologane vi snakka med, sa – halvt i spøk – at han ville ha vorti avretta om han under kommunisttida hadde utlevert slike kart til personar frå Vesten.

Under opphaldet i Barentsburg fekk vi ”audiens” hos sjefen for gruveselskapet Arktikugol. Vi håpte da på å få utlevert kart, for vi hadde fått fortalt at det var oppbevart mange kart der. Etter ein lengre samtale, da sjefen gav tydelig uttrykk for skepsis mot å gi oss kart, vart vi vist inn i eit stort kartarkiv. Vi kunne dessverre ikkje få dei utlevert der og da, men vart lovd at relevante kart skulle bli sendt oss i posten. Men nokon kart har vi ennå ikkje fått tilsendt. Slike kart ville vera interessante å studere – bl.a. fordi ein da kunne få fastslått i kva grad russarane har brukt andre namn i tidligare tider.

Elles har vi etter kontakt med Polarinstituttet i Tromsø fått høre at dei nå har bygd opp ein database over stadnamn på Svalbard. Denne vil utan tvil vera eit viktig reiskap i den vidare utforskinga av stadnamn på Svalbard. Dette gjør det t.d. mulig å systematisere namnetilfanget i ulike ”emnegrupper”, t.d. i kva grad kvinnenamn inngår i stadnamna, dvs. namn som *Kapp Laura*. (Denne namnetypen kan vel sjåas på bakgrunn av at barske ishavsmenn sakna kvinner der oppe og namngav fjell, fjordar etc. etter sine kjære i heimlandet.) Det er forresten ein hovudfagsstudent ved Nordisk institutt, Universitetet i Tromsø, som vil begynne på ei hovudoppgåve om namn på Svalbard med vinkling ut frå nærmare spesifiserte ”emnegrupper”.

I ein viss forstand kan ein karakterisere Svalbard som eit ”internasjonalt namnelaboratorium” i og med at så mange nasjonar har sett ”namnespor” etter seg der. I eit slikt perspektiv burde det også vera interessant å arrangere ein internasjonal namnekonferanse der. I det heile byr Svalbard på mange namnefaglige utfordringar. Bortsett frå Adolf Hoels bok *The Place-names of Svalbard* (nå i nyutgåve) er det lite gjort.

Gulbrand Alhaug

[gulbrand.alhaug@hum.uit.no](mailto:gulbrand.alhaug@hum.uit.no)

Tuula Eskeland

[tuula.eskeland@hum.uit.no](mailto:tuula.eskeland@hum.uit.no)

## GATENAMN I TIDA?

Gatenamna har eit preg av elde, dei fortel om ei fortid som færre og færre av dagens bymenneske kjenner seg heime i. I fleire tiår har kommunen halde seg med ein løna namnekomité, men kva for resultat er det blitt av desse skattemidlane?

Ein lang serie med møte. Kaffikos. Preik. Og ei rekkje handfaste prov på historieløyse og fantasimangel hos komitémedlemene. Så får byen ta til takke med si *Fjellgate*, sin *Fjellveg*, sitt *Fjelltun*, sine *Fjellbakkane* og si *Fjellmyr*.

Ingen skal koma og seia at dei er dårlege folk som har funne på desse namna, det finst både teaterkunstnarar og personar med universitetsutdanning blant dei. At dei likevel ikkje har greidd å tenkja ut noko meir oppfinnsamt, meir variert enn slikt som dette, må skuldast at dei har sete inne og samtala i staden for å gå ute på synfaring.

Dermed har komande generasjonar gått glipp av eit namneutval basert på lokal soge og kulturelle særdrag. Dei får inga levande forteljing via uttrykk som *Hasjsmauet*, *Lasaronparken*, *Heleribakken* og *Spaningshjørnet*, for eksempel. Dersom namnekomiteen hadde kome fram til slike nemningar, ville den ha opparbeidd eit godt ry for sitt skjønn, den ville ha skapt eit eksempel også for andre byar med sitt verk.

Alf Saltveit  
Haugesund

Stykket vart fyrst prenta i boka *Byen 2000* (Dreyer Bok, Stavanger 2000). Attgjeve her med løyve av forfattaren.

## BOKOMTALAR

### OFFISIELLE STADNAMN I NY UTGÅVE

Peter Hallaråker: *Offisielle stadnamn i Møre og Romsdal. Inndelingsnamn og kommunikasjonsnamn med vekt på veg- og gatenamn*. Volda 2001. 2. utgåva. Eige forlag. 401 sider. ISBN 82-995838-0-2.

Peter Hallaråker har i mange år som tilsett ved Høgskulen i Volda arbeidd med namn, særleg stadnamn, både som undervisnings- og som forskings-emne, og ikkje minst har han arbeidd med innsamling av stadnamn. Han har gjeve ut fleire bøker og ei mengd artiklar om ulike namnevitskaplege emne. Eitt av tyngdepunkta hans har vore stadnamn i offentleg bruk, eller offisielle stadnamn, ei nemning han nyttar i tittelen på boka *Offisielle stadnamn i*

*Møre og Romsdal. Inndelingsnamn og kommunikasjonsnamn med vekt på veg- og gatenamn.* Denne boka kom fyrst ut i 2000.

Denne nye omarbeidde utgåva tek for seg 3500 offisielle stadnamn frå Møre og Romsdal med vekt på inndelingsnamn og kommunikasjonsnamn. Inndelingsnamn gjeld namn på offisielle inndelingar, medan det med kommunikasjonsnamn er meint namn på vegar og gater, tunnelar, brukar, ferjekaiar, jernbane- og rutebilstasjonar o.l. Av inndelingsnamna er det fyrst og fremst fylkesnamnet og kommunenamna som er drøfte. Boka tek utgangspunkt i Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal i perioden 1985–95, der om lag 200 000 stadnamn vart innsamla, og som forfattaren var fagleg leiar for. Ei hovudproblemstilling er i kva grad namnsetjinga byggjer på eit kulturminneprinsipp eller eit orienteringsprinsipp. Kva prinsipp som er valt, gjev seg utslag i mengda av gjenbrukte namn i høve til nylaga namn. Forfattaren kjem til at kulturminneprinsippet er overordna ulike variantar av orienteringsprinsippet i Møre og Romsdal. Eit spørsmål som reiser seg her, er om ein ved hjelp av desse to termane fangar opp nyansane i namngjevingsmotiva. For min del vil eg tru det er glidande overgangar. Boka er eit viktig tilskot til kunnskapen om offentleg namngjeving og spesielt til namnebruken i eit av våre mest aktive ”stadnamnfylke”.

BH

## NORSK MÅLSOGA – KLASSIKAR I NY UTGÅVE

Gustav Indrebø: *Norsk målsoga*. Andre utgåva. Bergen 2001. Norsk Bokreidingslag. 511 sider. ISBN 82-7834-019-6.

Den fyrste utgåva av *Norsk målsoga* av Gustav Indrebø vart utgjeven av Per Hovda og Per Thorson i 1951, ni år etter at Indrebø døydde. I føreordet til 2. utgåva seier Johan A. Schulze at det er eit ”serleg umstende ved denne målsoga, og det bør verta kjent korleis det var til. I 1990 fann dotter til Gustav Indrebø, Inger Indrebø Eidissen, kladdegrunlaget til eit kapittel i målsoga. Denne burtkomne bolken vart utgjeven same året - bokstavrett - ved Oddvar Nes i Bergen, og kapitlet inneheld mange verdfulle målhistoriske opplysningar.” Schulze seier vidare at Hovda tidlegare hadde prenta

tre artiklar om målbrigdingar, og at ”Desse artiklane byggjer mest heilt på det Gustav Indrebø hadde meint skulde koma som eit kapittel i *Norsk Målsoga*, men som på uklår vis ikkje fekk rom i utåva frå 1951.” Ein grunn til å gje ut ei ny utgåve har såleis vore å få med heile manuskriptet til Indrebø. Nokre andre rettingar og tillegg er òg komne med. Viktigaste grunnen må likevel vera at dette sentrale verket i norsk målvitskap bør vera tilgjengeleg for alle som er interesserte i norsk målvokster. Det er ei grundig og detaljert, men samstundes brei framstilling av norsk mål frå ”frum-nordisk” fram mot vår tid, der både lydverk, formverk, ordtilfang og syntaks er drøfte i ljøs av ulike kjeldetypar. For dei som er interesserte i målvitskapleg terminologi i klassisk nynorsk, har ein her ei skattkiste. Framstillinga er stundom merkt av språksynet til Indrebø, som når ein på s. 306 under ”Kjeldor for norsk” kan lesa ”At det norske skriftmålet på nedervd grunn – nasjonal-skriftmålet – gjekk under, vil ikkje segja at det vart radt audt for samanhengande skriftminne på norskt tungemål”. Boka vert avslutta med eit kapittel om Ivar Aasen.

Mange vil vita at Indrebø arbeidde mykje med namn, særleg stadnamn, og i motsetnad til dei fleste andre språkhistoriar, dreg han inn namnematerialet i fleire samanhengar. Alt under bolken om urnordisk nemner han stadnamn som kjelde, såleis Huglo i Sunnhordland og Hugla på Helgeland som han set i samband med tysk Hügel (s. 41). Også i dei andre hovudbolkane viser han til stadnamn. Det største einskildstykket om namn finn ein på sidene 374 til 378, der han omtalar ”Folkenamn”, som er Indrebø si nemning for førenamn. Her finn ein ei konsentrert framstilling av hovudlinene i norske personnamn. Som namnekonsulent frå 1921 til 1942 kjende han særleg godt til den lagnaden skriftformene av stadnamna hadde fått gjennom dansketida, men nøyer seg med å ta med nokre døme som Vørdøy og Kråkerøy som ”vart danska til ”Vardø” og ”Kragerø”” (s. 379). Dette stoffet hadde han tidlegare teke for seg i full breidd i *Norsk namneverk* (1927).

Den nye utgåva av *Norsk målsoga* har fått ein noko meir moderne og eg vil seia lettlesene typografi. Elles er inndeling og bokbunad mykje godt som før. Boka burde appellera til ein brei målinteressert lesarkrins, også til slike som ikkje identifiserer seg med målet til Gustav Indrebø. For her er det mykje av ”Best Western”!

BH

## NAMNEVANDRING PÅ STORD

Kari Lønning Aarø & Jan Rabben: *Namnevandring i Stord og Fitjar*. Stord 2001. Eige forlag. 233 s. ISBN 82-994320-1-4.

At stadnamn er eit stoff som engasjerer folk flest, er velkjent. Det gjeld ikkje berre skrivemåten, men òg tydinga av stadnamn. Rett som det er, dukkar det opp lokale bøker om stadnamn, og mange av dei er vel forseggjorde og held eit godt fagleg nivå. Ei slik nyleg utkomen bok er *Namnevandring i Stord og Fitjar*, av Kari Lønning Aarø og Jan Rabben. Tittelen er velvald, for forfattarane har ordna stoffet som ei vandring frå bygd til bygd, i til saman ni bolkar. ”Me har vore ute på ei lærerik og gjevande reise gjennom eit namnelandskap som var kvardag for generasjonane før oss... Målet med boka er å gje smakebitar frå ein namneflora som er i ferd med å forsvinna”, skriv forfattarane i føreordet. Heile 1500 namn er nemnde i boka, og sjølv om dette berre er ein mindre del av dei mange tusen namna som finst i dei to kommunane, gjev dei eit allsidig bilete av namnemiljøet. Måten det er lagt til rette på, finn eg svært tiltalende. Fyrste ferda heiter "Frå Føyno til Bjelland", og eg vil gjerne gje att eit par avsnitt som viser framstillingsforma:

Sør for Digernes ligg *Føyno* og er blitt landfast. Tidlegare var dette *Feyno*, eit beiteområde der dyra frå dei sørlegaste Storda-gardane heldt seg om sommaren. Gjennom mange års bruk er så namnet blitt til Føyno. Å ha dyra gåande på øyar og holmar der det var beiteland, var vanleg før, og difor finn me dette namnet i ulike former langs norskekysten. Føyno er *ein* gard, fordelt på fleire bruk, som alle grensar til vikar, vågar, klubbar og nes.

Det gamle *Ivarstunet* ligg så velstelt og fint i maidagen, berre nokre kalde vinddrag frå *Nordavikjo* uroar idyllen. *Nedste Løbakkjen* og *Skutabakkjen* er fredelege rammer rundt det velhaldne huset frå 1850-åra. Fyrstelekken i det siste namnet er ordet *skut*, eit uthus som vart nytta til å ha ved i. Dette var ein vanleg bygning på alle gardar, og ofte sa ein berre ”veaskut” eller *skytja*, uttala *sjykkja*, eit ord som språkleg er i slekt med *skut*.

Slik går vandringa vidare gjennom det namnerike kulturlandskapet som øya Stord er. Mange unge og eldre av dei som bur på gardane, vert sette inn i dette landskapet og gjev ekstra liv til framstillinga. Eg trur forfattarane med denne boka her har funne den rette tonen i møtet mellom mennesket og omgivnaden, mellom fortid og notid. Stadnamna peikar seg ut som akkurat den reiskapen som gjer dette mogeleg. Det er eit uvanleg rikt og mangfaldig

namnetilfang forfattarane har hatt å ausa av. Det er òg hugnadsamt å sjå kor kunnige dei har vore i omgangen med stoffet. Så har òg utgjevarane kunna dra nytte av den kunnskapen Kari Lønning Aarø tileigna seg då ho skreiv hovudfagsoppgåve om stadnamn frå Stord. Dessutan har dei fått god hjelp av Oddvar Nes ved Nordisk institutt i Bergen.

Det er ikkje berre teksten i denne boka som gjer ”namnevandringa” levande. Boka er rikt illustrert med fine fargefotografi frå heile området. Gjennomgåande er det eitt til to bilete på kvar side, slik at svært mange av dei nemnde stadene er gjort synlege i boka, både ved oversynsfotografi og detaljbilete. Særleg ofte er store steinar tekne med, som *Altersteinen*, *Børsesteinen*, *Børasteinen*, *Jutasteinen*, *Offersteinen*, *Smøystein*, eller *Brurabankjen* og *Fitjarkongen* utan grunnordet *stein*, og kvar har fått sin kommentar med omsyn til namneopphav. Naturlegvis kan det seiast mykje meir om mange av namna, men det kan gjerast i ein annan samanheng. Her gjeld det om at namnevandarane ikkje trøytnar. Tittelen ”Namnevandring i Stord og Fitjar” med preposisjonen *i* er naturlegvis vald med tanke på at det heiter *i* ein kommune, og at boka dekkjer fleire småøyar utanom Stord, men det bryt med den tradisjonelle seiemåten ”*på* Stord”, så her har me eit nytt døme på at administrativ preposisjonsbruk får overtak.

Bak i boka er namna førte opp i eit nesten for tettpakka alfabetisk register med sidetilvising. Ei grunnordliste er òg med, og her skulle ein gjerne sett kor mange gonger dei einskilde grunnorda førekjem. Skrivemåten av stadnamna i denne boka ligg nær målføret, og bryt dermed med dei reglane som gjeld for stadnamn i offentleg bruk. Sannsynlegvis er stordabuane nøgde med det valet, men dei vil nok gå til når dei ser mange av dei same namna på Statens kartverk.

BH

## FJELLTOPPAR MED NAMNEFORKLARINGAR

Erik W. Thommessen: *Kremen av topper 3. Med et utvalg skogstopper*. Oslo 2001. Topografisk forlag. 240 s. ISBN 82-7981-007-2.

Som det går fram av tittelen, er dette den tredje i ei rekkje av bøker om norske fjelltoppar. Dei to som er publiserte tidlegare, omtalar 70 fjelltoppar i Sør-Noreg, og med dei 30 presentasjonane i denne tredje boka er til saman 100 toppar tekne med. Då skulle den som er huga på å klatra til topps, ha nok å velja mellom ei god stund. Forfattaren er lærar på Fagernes og har i

tillegg til desse bøkene gjeve ut turførarar for ulike delar av den sørnorske fjellheimen. Tittelen på denne boka viser då òg at forfattaren er glad i flotte fjell – ”kremen” av noko er jo det aller beste. Når ein tek til å bla i boka, finn ein fort at dette stemmer. Framstillinga er engasjert og kunnig, noko som òg gjeld stykka til dei fem gjesteskribentane i boka. Stoffet er delt inn i 14 område, der ein eller fleire toppar er omtala. Kvar artikkel er bygd opp etter eit fast mønster med innleiing, historiske opplysningar, omtale av namnet, åtkomst, overnatting og litteratur samt kartblad. Eit stort tal utsøkte bilete og dertil nyttige kartskisser er med på å heva leseverdien av boka.

Grunnen til at boka skal nemnast her, er at ho i motsetning til mange andre bøker om fjellheimen har med opplysningar om kva namna på dei aktuelle toppane tyder. I føreordet vert det nemnt at forfattaren har samarbeidd med lektor Ivar Aars på dette feltet, og elles er Norsk stadnamnleksikon nytta. Forklaringane er haldne i ei enkel form og er nokolunde dekkjande, sjølv om fleire hadde tent på å ha gått gjennom ein sterkare fagleg kontroll. T.d. vert fyrsteleddet i *Hallingnatten* sett til det norrøne *haddr*. Det er rett nok at dette ordet er drege inn i diskusjonen av namnet *Hallingdal*, men *halling* er kort og godt ’person frå Hallingdal’ eller ’noko som har tilknytning til Hallingdal’, og det er i den samanhengen *Hallingnatten* må forståast. *Nevelfjell* vert sett i samband med innsnevring og vert samanlikna med *Nevlunghavn*, men her er nok forfattaren på villspor. Fyrsteleddet i *Nevelfjell* (og *Nevelvatnet*) har rimelegvis samband med gammalnorsk *knefill* ’stokk’, om noko stokkliknande, beint. Kva som er det primære her, er uvisst, men det kan godt vera det noko beine (men ikkje innsnevra) *Nevelvatnet*.

Som sagt er det tale om ei tiltalende bok, men det svarar seg alltid å ha eit nært samarbeid med fagfolk når ein går inn på område som krev spesialkunnskap.

BH

## NAMN I EN FÖRÄNDERLIG VÄRLD

Gunilla Harling-Kranck (red.): *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998.* (Studier i nordisk filologi 78.) Svenska litteratursällskapet i Finland. Helsingfors 2001. 358 s. ISBN 951-583-065-6

Den 12. nordiske namnegranskarkongressen vart halden i Tavastehus 13.–17. juni 1998 og samla 72 deltakarar frå åtte land. Inspirerte av temaet for

kongressen, *Namn i en föränderlig värld*, melde heile 36 seg på med foredrag. Av desse er 33 trykte i kongressrapporten, som ber same overskrift, redigert av Gunilla Harling-Kranck. Ein slik tittel kan samla det meste, for dei språklege, geografiske og kronologiske variasjonane som namnematerialet avspeglar, er jo i stor grad uttrykk for endringar i samfunnet. Det er heller ikkje råd å finna noko samlande tematisk avgrensing i foredraga, som er trykte i alfabetisk rekkjefylgje etter forfattarnamn. Dei spenner frå Terhi Anialas presentasjon av eit finsk stadnamnatlas til Mari Voipios høgst tidsrepresentative innlegg om Internettet som ein ny namnesfære. Ein kan forresten merka seg at tendensen til ei oppmjuking av titlane i retning av ein meir kåserande tone held fram – utan at det går ut over den vitskaplege verdien – som når Gillian Fellows-Jensen kallar sitt foredrag ”Forfængelighedens marked eller stednavnenes liv før dommedagen”, Svavar Sigmundsson ”De isländska ortnamnen flyttar til stan” og Annette Torensjö ”Att vara ortnamnsbyråkrat i en föränderlig värld”. Den sistnemnde tittelen gjeld stadnamnrøkt, som er emne for heile seks av foredraga i rapporten. Redaktøren har nokså sikkert vurdert ei emnevis inndeling av foredraga, men med så stor spreing i tematikk, har ho landa på den alfabetiske. Truleg er det eit rett val, sjølv om ein då misser noko av det umiddelbare overblikket ei gruppevis inndeling kunne ha gjeve.

Dei norske foredragshaldarane er *Kristin Bakken* med tittelen ”Fonologisk endring i personnavn og dialekt. En komparativ analyse av materiale fra Fyresdal i Telemark”, *Tuula Eskeland* med ”Lyyli Kokkonens navnemateriale fra Finnskogene i Norge”, *Åse Kari Hansen [Wagner]* med ”Analyse av stedsnavn i gammelt språkkontaktområde. En metodediskusjon”, *Elin Vanja Karikoski* med ”Ruijafinske slektsnavn i endring”, *Anders Løøv* med ”Sørsamenes valg av dåpsnavn på 1700- og 1800-tallet” og *Kaisa Rautio Helander* med ”Samiske og norske kommunenavn i Norge – dobbeltnavn eller tospråklige navn?”. Med denne kongressrapporten har nordisk namnegransking fått eit nytt gjevande tilskot.

BH

## BEBYGGELSENAMNEN I LEKSANDS KOMMUN

Erik Olof Bergfors: *Ortnamnen i Dalarnas län. Del 7 Leksands kommun. Bebyggelsesnamn*. Skrifter utgivna av Språk- och folkminnesinstitutet, Namnavdelningen. Serie A: Sveriges ortnamn. Uppsala 2001. ISBN 91-7229-014-5



Det er knapt å ta for sterkt i å utrope dialektane i øvre Dalarna i Sverige til dei mest særmerkte dialektane i Skandinavia. Ikkje berre er desse måla så særmerkte at dei er uforståelege for alle andre, dei er jamvel innbyrdes også så ulike at folk frå ulike delar av dette området må bruke eit lingua franca, nemleg rikssvensk, eller *swenska*, som dei seier, når dei skal tale saman. Her finst massevis av eldgamle særdrag, men også fullt opp av nyutviklingar. Dei fleste særdraga, både gammalt og nytt, finn ein rett nok att mange andre stader, men aldri i ein slik kombinasjon, og aldri så mange på eit så lite område, for det er slett ikkje noko stort område, mindre enn mange norske fylke. Dei eigentlege dalmåla finn me i Västerälvdalen, Österälvdalen og bygdene kring den store innsjøen Siljan – med andre ord landskapet der det kjende Vasaloppet går, frå Sälen i Västerälvdalen til Mora ved Siljan.

Aller mest særmerkte er dei såkalla ovansiljansmåla, dvs. i bygdene nord for Siljan. Her finn me til dels også fenomen som ikkje førekjem i det heile andre stader i Norden, m.a. nasalvokal i ord som (ei) *gås* og (å) *få*, noko som ein gong i tida har funnest i alt nordisk mål, men som truleg forsvann dei fleste andre stader for nærmare tusen år sidan – bortsett frå i øvre Dalarna, der ein framleis kan høre denne eldgamle uttalen. Men det spørst kor lenge dette vil vare, for dessverre ser det nok ut til at desse særmerkte måla syng på siste verset; det finst knapt nok anna enn svært godt vaksne menneske som framleis bruker det gamle dalmålet.

Så særmerkt som ovansiljansmåla er ikkje målet i Leksand, som ligg i den sørvestre enden av Siljan. I det klassiske verket *Dalmålet* frå 1925 seier Lars Levander (s. 25) om målet her at det ”är på ett helt annat sätt [enn i øvre Dalarna] genomsyrat av det nya, som trängt in, i detta fall bergslagsmål och därmed ett språkligt utflöde från Sveriges stora kulturcentrum Uppland.” På ein norsk lesar verkar likevel også dette målet relativt eksotisk til å vere ”svensk” – det er såvisst ikkje noko stockholmsmål i dei transkriberte namna i boka til Bergfors heller.

No må det rett nok seiast at målet nok verkar ein god del meir eksotisk når ein ser det på trykk i denne boka enn om ein hadde hørt det tala, for slik det framleis ofte er i svenske publikasjonar om tradisjonelle dialektar og stadnamn, så har ein også her brukt det såkalla landsmålsalfabetet, som kan vere ei ganske sjokkarta oppleving for den som aldri har vore borti det. No er det heldigvis eit oversyn sist i boka, der dei underlege teikna er forklarte med referanse til svensk riksspråksuttale, men likevel vil nok dei fleste som har vakse opp med Storm eller IPA, få kraftig nedsett lesefart ei god stund.

Som språkhistorikar og dialektolog skal eg ikkje innlate meg på noka namnefagleg vurdering av denne boka, men etter å ha bladd litt i henne sit

eg avgjort att med eit inntrykk av at den tidlegare sjefen for Dialekt- og folkminnesarkivet i Uppsala her har levert eit solid arbeid. At han kjenner det tradisjonelle målet i dette området, kan ein i alle fall gå ut frå, ettersom han er oppvaksen nettopp i Leksand, så må ein rekne med at ein her får i rein og uforfalska form ”den lokale, nedervde uttalen”, som også i Sverige sjølv sagt er primærmaterialet for namneforskaren.

For meg som meir og mindre amatør på området var det interessant å lese at ein i Leksand har mange gardsnamn som er avleidde av personnamn, oftast i *s*-form; t.d. *Back Pelles, Farbrors, Mickels, Bröms, Flygar, Fransos* (dei tre siste soldatnamn). Slike gardsnamn kan så setjast *framføre* personnamn, t.d. *Bröms Nils eller Mickels Brita*, som har fungert som daglegtalenamn på folk, medan patronymika kunne leggjast til i meir offisielle samanhengar, som t.d. i kyrkjeboka: *Bröms Nils Nilsson* eller *Mickels Brita Larsdotter* (jf. s. 95 i boka). Denne praksisen er også kjend i Norge, men det vanlege her til lands har vel vore å setje til gardsnamnet *etter* førenamn og patronymikon – som ”adresse”.

Som eit samla inntrykk kan ein seie at jamvel om mange namn og namneformer i denne boka verkar svært velkjende på ein nordmann, finst det også ein god del som er *litt* annleis, men ikkje verre enn at ein framleis kjenner seg på trygg nordskandinavisk grunn.

Arne Torp  
[arne.torp@inl.uioi.no](mailto:arne.torp@inl.uioi.no)

## OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER

### FORNAVN I HARSTAD PÅ 1900-TALET

Bente Ramsvik: *Navn i 100 år. En studie av fornavnsskikken i Harstad på 1900-tallet*. Hovudoppgåve i nordisk. Hausten 2000. Universitetet i Tromsø. 389 s.

Det ein ein stor arbeidsinnsats som ligg bak denne hovudoppgåva om fornamnsskikken på 1900-talet i Harstad og nabokommunane Kvæfjord og Bjarkøy. Frå desse tre kommunane har ho fått tak i namnedata for til saman 26 940 personar. Eit viktig mål for henne har vori å få kartlagt kva for endringar som har skjedd i namnemønsteret over 10-årsperiodar frå 1900 til 1990-talet (til og med 1998). Dette utgjør hovuddelen av oppgåva. I den siste delen (frå s. 285) gjør ho så greie for ei intervjuundersøking ho har gjort om kva for motiv eit utval foreldre har hatt for namngivinga.

